



# KOMMUNEDELPLAN FOR NATURMANGFALD

VERSJON 2, JUNI 2018

Foto: Alnestangen, Godøya - Odd KarstenHanken



Giske kommune  
Historisk og framtidsretta

## Innhold

Forord	3
1. Bakgrunn	5
2. Rammevilkår	9
3. Prognoser/Utvikling	13
4. Målsetingar	17
5. Dagens situasjon	21
6. Kommunedelplan for naturmangfald	25
7. Handlingsdel	29
8. Klagjering av omgrep	83
9. Kjelder	87
Vedlegg	91

## Forord

Etter førespurnad frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal sökte Giske kommune om å verte med i pilotprosjektet om kommunedelplan for naturmangfold. Prosjektet vart kunngjort av Miljødirektoratet 30.1.2017, der målet er å utarbeide ein kommunedelplan for naturmangfold. I brevet frå Miljødirektoratet står det at planen skal «*være et virkemiddel for å sette naturmangfoldet på den lokalpolitiske dagsorden og etablere en større grad av lokal forankring og medvirkning i utvelgelsen av viktige naturområder i kommunen. Kommunale planer for naturmangfold skal styrke kunnskapsgrunnlaget for politiske og administrative beslutninger i kommunen, skape forutsigbarhet for forvaltningen, eiere og utbyggere og være et redskap for å synliggjøre naturmangfoldet som ressurs.*». Kommunane som deltar i pilotprosjektet får eit tilskot frå Miljødirektoratet på inntil kr. 200.000,-. Kravet for utbetaling av tilskotet er at planarbeidet forankrast politisk, enten som ein del av den kommunale planstrategien eller som eige vedtak om oppstart av planarbeidet. Kommunen skal vere ferdig med prosjektet og få vedtatt planen innan utgangen av 2018.

Rådmann sitt ynskje er å få synleggjort viktige område i Giske kommune, med vektlegging på område, naturtypar og artar som krev særskilt behandling. Kommunedelplan for naturmangfold skal vere eit verktøy for å forvalte og nytte areala i kommunen på ein berekraftig måte.




Foto: Erkna naturreservat - Angelica Talley





Foto: Kannset, Godøya- Angelica Talley

## 1. Bakgrunn

# 1. Bakgrunn

---

## 1.1 Planbeskrivelse

Planområdet omfattar heile Giske kommune, både på land og i sjø.

Etablering av ein kommunedelplan for naturmangfald er eit pilotprosjekt bestilt av Miljødirektoratet for inn til kr. 200.00,- for kvar pilotkommune. Pilotkommunane er Ski, Tana, Hemne, Rana, Fredrikstad, Haugesund, Nannestad, Steinkjer, og Etnedal. Midlane for utarbeidning av prosjektet er utbetalt av Klima- og miljødepartementet. Miljøforvaltningen har anledning til å nytte alt publisert materiale vederlagsfritt ved behov.

Kommunedelplan for naturmangfald er ein tematisk plan som skal vere eit verkemiddel for å sette naturmangfaldet på den lokalpolitiske dagsorden, og etablere ein større grad av lokal forankring og medverknad i utvelginga av viktige naturområde i kommunen. Kommunedelplanen for naturmangfald vil ikkje vere juridisk bindande for arealbruk, men gi eit styrkt kunnskapsgrunnlag for både politikarar og administrasjonen om korleis omsynet til naturmangfald bør ivaretakast. Kommunedelplanen skal skape forutsigbarhet for forvaltninga, eigalar og utbyggjarar og vere ein reiskap for å synleggjere naturmangfaldet som ressurs for kommunen.

Planen består av ein beskrivande del med evaluering av dagens tilstand. Ein tekstdel som faktagrunnlag, og ein handlingsdel for framtidig forvalting av naturen i kommunen. Handlingsdelen skal rullerast kvart 4. år. Det er ønskeleg å kunne inkludere resultata frå marine grunnkartsprosjektet «Kyst Mareano».

Kommunedelplanen skal utarbeidast i etterkant av rulling av kommuneplanen. Innhaldet i kommunedelplanen skal brukast som utfyllande dokument til kommuneplanen og skal være eit kunnskaps- og forvaltingsgrunnlag for framtidig arbeid med kommune-

planen, andre delplanar og reguleringsplanar.

## 1.2 Planprosessen

Det skal utarbeidast plandokument til offentleg ettersyn i samsvar med [tbl. § 4-2 første ledd](#); Naturmangfaldsplan, planomtale og handlingsdel. Planomtalen skal omtale formål, hovudinnhald og verknader av planen, samt planen sitt forhold til rammer og retningslinjer. I naturmangfaldsplanen skal det vere bakgrunn for bevaring av viktige naturtypar og arter, analyse av utførte tiltak og vurdering av nye tiltak. Handlingsdelen skal vere ei opplisting av prioriterte tiltak fordelt etter naturreservata, raudlista arter, og arter og naturtypar av forvaltingsinteresse med kort- og langsiktige tiltak. Handlingsdelen skal rullerast kvar tredje år. Plandokumenta skal på høyring i minst seks veker.

---

### 1.2.1. ORGANISERING

Prosjektansvarleg har på vegner av rådmannen stått for organisering av arbeidet og sjølve utarbeidinga av planforslaget. Arbeidsgruppa har bestått av:  
Angelica Talley, prosjektansvarlig  
Marit Elisabeth Larssen, rådmannen i Giske kommune  
Sindre Røsvik, assisterende rådmann i Giske Kommune  
Planforum i [Giske kommune](#)

---

### 1.2.2. MEDVERKNAD

Mange fagpersonar har bidratt med medverknad under utarbeiding av planprogrammet og plandokumentet.

Referansar som har bidratt i planarbeidet:  
Ola Betten, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Dag Holtan, biolog  
 Bjarte Friis Frisvold, arealplanleggar  
 Ingunn Sarolanta, Avinor  
 John Haugen, Miljødirektoratet  
 Planprogrammet ble lagt ut til høyring 30.05.2017, med uttalefrist 05.08.2017. Alle mottekne medverknad er utarbeid i planteften.

Medverknad frå både offentlege etatar, enkeltpersonar og lag/foreiningar var viktig, ikkje minst når det gjeld å innhente verdfull lokalkunnskap. Innbyggjarar og andre interesserte blei inviterte til folkemøte for å bli informerte om planarbeidet og til å gi munnlege og skriftlege innspill. Møta vart haldne:

Godøy skule 06.06.2017  
 Giske skule 08.06.2017  
 Vigra skule 13.06.2017

Planen er utarbeidd i tråd med plan- og bygningslova sine krav til planprosess. Planprogrammet blei fastsett i kommunestyret 28.09.2017.

- Fokus på å auke kompetanse om naturmangfald og kunnskapsbasert forvalting i kommune
- Etablering av samarbeid mellom kommunen, grunneigarar og Fylkesmannen for bevaring av naturreservata og tilstøytande område
- Ta omsyn til regionale og nasjonale føringer for naturmangfald
- Legge til rette for å få statleg og regional støtte til gjennomføring av tiltak for forvalting og bevaring av naturmangfaldet i kommunen

### 1.3 Planen sine mål og visjonar

Hovudmål med kommunedelplan for naturmangfald er:

- Gi fokus og bevissgjering av blant anna naturmangfald
- Vurdere dagens tilstand av interesseområde
- Vurdere tiltak for bevaring av område og artar av forvaltningsinteresse





Foto: Skjonghellaren, Valderøya - Odd Karsten Hanken

## 2. Rammenvilkår

## 2. Rammevilkår

---

### 2.1 Nasjonale

Det er [naturmangfaldlova](#) som gjev reglar for å ta vare på mangfoldet i naturen ved berekraftig bruk og vern. I naturmangfaldlova §4 står det at «Målet er at mangfoldet av naturtyper ivaretas innenfor deres naturlige utbredelsesområde og med det artsmangfoldet og de økologiske prosessene som kjennetegner den enkelte naturtype. Målet er også at økosystemers funksjoner, struktur og produktivitet ivaretas så langt det anses rimelig.» Naturmangfaldlova har mellom anna reglar om forvaltning av artar, framande organismar, utvalde naturtypar, områdevern, genetiske ressursar og alminnelege føresegner om berekraftig bruk. Reglane gjeld på tvers av ulike sektorar. Miljødirektoratet er det offentlege forvaltningsorganet underlagt Klima- og miljødepartementet med ansvar for gjennomføring og rådgjeving om klima- og miljøpolitikken i Noreg. Regjeringa, i stortingsmeldinga [Natur for livet, Meld. St. 14 \(2015 – 2016\)](#), har uttrykt ynske om iverksetting av eit prosjekt for å prøve ut kommunedelplanar som verktøy for å ta vare på naturmangfald. [Aichi-målene](#) (internasjonal samarbeid for bevaring av naturmangfald) og Norges måloppnåing for 2020 er utarbeidd i meldinga. I reservat og verneområde i Giske kommune gjeld også [Ramsarkonvensjonen](#) (internasjonal samarbeid for bevaring av våtmark) og verneforskrifter. Verneforskriftene gjeld framfor naturmangfaldlova innanfor reservat og verneområde.

Miljødirektoratet har overordna ansvar for oppfølging og rettleiing av pilotprosjektet i dei ti utvalde kommunane.

Andre lover som omhandlar naturmangfoldet er:

1. [Miljøinformasjonslova](#), som stiller krav til offentleg organ om «å sikre allmennheten

tilgang til miljøinformasjon og derved gjøre det lettere for den enkelte å bidra til vern av miljøet, å verne seg selv mot helse- og miljøskade og å påvirke offentlige og private beslutningstakere i miljøspørsmål. Loven skal også fremme allmennhetens mulighet til å delta i offentlige beslutningsprosesser av betydning for miljøet.»

2. [Skogbrukslova](#), som har som formål «å fremme ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på aktiv lokal og nasjonal verdiskaping, og å sikre det biologiske mangfoldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen.»
3. [Havressurslova](#), som har til formål «å sikre ei berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av dei viltlevande marine ressursane og det tilhøyrande genetiske materialet og å medverke til å sikre sysselsetjing og busetjing i kystsamfunna.»
4. [Vannressurslova](#), som har som formål i kap 2 at vatnet sitt naturlege løp ikkje blir hindra og at tiltak i vassdraget ikkje er til skade eller blempe for allmenne eller private interesser.
5. [Jordlova](#), som stiller krav til eit samfunns-gagnleg bruk av arealressursane slik at «ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå framtidige generasjonar sine behov. Forvaltinga av arealressursane skal vera miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern om jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og planter.»

6. [Plan- og bygningslova](#), som har som hovedmål i §1-1 å « fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner.»
7. [Motorferdsellova](#), som spesifiserer i §1 at «Formålet med denne lov er ut fra et samfunnsmessig helhetssyn å regulere motorferdselen i utmark og vassdrag med sikte på å verne om naturmiljøet og fremme trivselen.»

## 2.2 Regionale

[Fylkesplan 2017-2020](#) har blant sine mål å legge til rette for bærekraftig arealbruk og samfunnsutvikling, der miljø- og klimaomsyn skal være viktige vurderingskriterium i alle planar og tiltak. I handlingsdelen for kompetanse og verdiskaping vert eigne mål for bærekraftig bruk av naturressursane både på land og i sjø nærmere spesifiserte. Regional delplan for inngrepsfrie område har som hovedmål å legge grunnlag for ei heilskapleg forvaltning av dei inngrepsfrie naturområda i fylket, slik at biologisk mangfold kan oppretthaldast og urørt natur kan opplevast av komande generasjoner.

Fylkesmannen skal medverke til at miljø- og arealpolitikken til regjeringa vert gjennomført på regionalt og lokalt nivå. Miljøvernnavdelinga hos fylkesmannen i Møre og Romsdal skal rettleie og følgje opp kommunen i planprosessen slik at planarbeidet er i tråd med regionale og nasjonale mål. Gjeldande reguleringsplanar skal vurderast opp mot naturmangfold. Ved regulering skal naturmangfold vere eige tema som det skal takast omsyn til.

## 2.3 Kommunale

Giske kommunestyre er planmynde i kommunen. Kommunedelplan for naturmangfold skal supplere den nye kommuneplanen, som ein reknar med vert vedtatt ved utgang av 2018.

### Samfunnsdelen

Overordna plan for heile kommunen er kommuneplanen sin [samfunnsdel](#), vedteken 25.09.2014, sak K-060/14. I samfunnsdelen er det gjennomgående perspektivet at Giske kommune skal:

- Vere ein god plass å bu – der alle vil bu
- Ha gode levekår
- Ha fokus på energisparing og reinare miljø
- Ha låg risiko og sårbarheit (ROS)

Kommunedelplan for naturmangfold skal hjelpe til å opnå desse mål ved å setje igong tiltak for å sikre at naturområda er ivaretatt og samtidig nyttes til fri-luftsaktiviteter. Der arealet skal omdisponerast og byggjast, vil kommunedelplanen vere et verktøy for å sikre at prinsipper om bærekraftig utbygging brukast. Der det ikkje vert mogleg å ivareta naturområda, skal kommunen kompensera for tap av naturområda ved istandstelling av nye områda.

### Arealdelen

Kommuneplanen sin arealdel er under rullering og vil truleg bli eigengodkjend i slutten av 2018. Det er fastsett i planprogrammet at kommuneplanen sin arealdel skal fungere som eit «overordna politisk og administrativt verktøy for juridisk bindande arealbruk i heile kommunen, både for bruk og vern av areal». Blant måla i arealdelen ligg betre merking av turstiar, tilrettelegging av friluftsområde, bevaring av grøne område (korridorar inkludert), betre bruk og vern av

---

sjøområde og bevaring av kulturminne og utvalde kulturmiljø.

#### Reguleringsplanar

Gjeldane og framtidige reguleringsplanar skal leggjast til grunn for bevaring av naturmangfold. Reguleringsplanar skal evaluerast for utfordringar knyttet mot nærliggande naturområda og eventuelle justerast for å unngå unødig forrigring av naturen.




Foto: Søppel i naturen - av Børge Sandnes



Foto: Sloktiden, Godøya - Angelica Tally

### 3. Prognoser/Utvikling

## 3. Prognoser/Utvikling

---

Menneskeskapte endringar i økosystemet har endra det globale naturlandskapet dei siste 50 åra i eit raskare tempo enn nokon gong i verdshistoria. Resultat fra FNs globalundersøking [Millenium Ecosystem Assessment](#) viser at endringar i bruk av naturressursar verda rundt i løpet av dei siste 50 åra har ført til forringing av 60% av økosistema på jorda. Hovudårsaka til utviklinga er aukande press i produksjon av mat og vatn. Rapporten viser også at delar av verda, som er mindre utsette for endringar i naturen og har høgare velstand, har oppnådd desse nivåa fordi dei importerer naturbaserte goder og tenester frå andre land, samtidig som dei overfører ulemper til dei. Innan 2050 er det venta at etterspurnaden av matproduksjon vil auke med 70 – 80 % og drikkevatn med 35- 80 %.

Historisk sett er det påvist at sivilisasjonar har kollapsa på grunn av overbruk av naturressursane. For å kunne sikre økosystemtenester og tilfredsstille det aukande behovet for produksjon av mat og vatn, er det viktig endre utviklinga i forbruket og implementere ein berekraftig bruk av naturen. Gjennom etablering av nasjonale, regionale og lokale miljømål og retningslinjer for bruk av økosystemtenester, kan ein styrke kunnskapsgrunnlaget og sikre naturressursane våre for framtida.

### 3.1 Nasjonale

[Melding til Stortinget 14](#) forklarer at situasjonen for naturmangfaldet i Norge på mange område er meir positiv, men at det også finst utfordringar. Omdisponering av areal for utbygging av veg, bustad, industri- og næringsbygg har ført til store tap av naturområde. Forureiningar i avrenningar og tilføring gjødsel

og kjemikalær har ført til forsuring av ferskvasskjelder og i havet. Endringar i landbruk har ført til spreieing av framande artar og ødelagt naturtypar som er følsomme for gjødsel. Overhausting av fisk og taretråling har ført til endringar i tilgang på visse fiskeartar. I Norge vert i dag 2355 artar og 40 naturtypar rekna som trua. Det er regjeringa sitt ønske at kommunane, gjennom kunnskapsbasert forvaltning, får lage skreddersydde løysningar for å sikre velfungerande økosystem og bævere naturen.

### 3.2. Regionale

Utviklingar for klima, miljø og arealplanlegging er beskrive i dokumentet «[Utviklingstrekk i Møre og Romsdal](#)», utarbeidd i 2015 av Møre og Romsdal fylkeskommune. Møre og Romsdal vert beskrive som eit fylke med aukande folketal og næringsutvikling i forhold til tidligare år, men langt under det nasjonale gjennomsnittet. Folketalsveksten er størst i Ålesund-regionen, Ulstein og Aukra, der talet ligg over 12,1%. Auken i folketalet fører til nedbygging av dyrka og dyrkbare areal og omdisponering av naturområde til bustad, næringsbygg og/eller naudsynt infrastruktur. Auken i folketal betyr auken i ferdsel i naturen. Auken i ferdsel fører til slitasje i vegetasjonen og uro for dyreliv i sårbare periodar i livssyklusen. Dokumentet viser også at Møre og Romsdal har meir klimagassutslepp per innbyggjar enn landsgjennomsnittet. Høgt klimagassutslepp fører til klimaendringar og ekstremver. Auken i temperatur og nedbør vil føre til endringar i naturen, både på land og i havet. Fokus på kompetanse innan naturforvaltning, berekraftig bruk av areala og naturressursar, og reduksjon i utslepp av klimagassar, er hovudpunkt for utarbeiding av strategiar for framtidig

utvikling og bevaring av naturen i fylket.

### 3.3. Kommunale

Giske kommune har opplevd stor vekst i folketalet dei siste åra. Det er stort press på areal til bustad, veg, oftentlege bygg og næringsbygg. Naturområda i Giske kommune er friluftsområde av regional interesse som vert brukte av både lokalbefolkinga og folk frå andre kommunar. Aukande friluftsaktivitet har ført til slitasje i naturområda. Endringar i beiting av husdyr og overgjødsling av dyrka mark har hatt negative konsekvensar for naturen. Endringar av naturtypar i sjøen er ikkje dokumenterte, men det er observert endringar i talet på trekkfuglar, steinkobbe og enkelte type fisk. Det er sterkt behov for å legge til rette for rett bruk av interesseareala og stimulere friluftsliv, samstundes som ein må bevare naturen.




Foto: Kysthumle - Dag Holtan, artsobservasjoner.no



Foto: Kvitkurle - Bolette Bele, NIBIO - artsdatabanken.no





Foto: Kvalneset, Giske fuglefredningsområde, Giske - Pia Dietrichson

## 4. Målsetingar

# 4. Målsetingar

---

## 4.1. Nasjonale

Regjeringa sine mål for bevaring av naturmangfold er i tråd med Aichi-måla og kan oppsummerast slik:

1. å ha god tilstand i økosistema
2. å ta vare på trua natur
3. å bevare eit utval av naturområde som viser variasjonsbreidda i norsk natur, det vil seie eit «representativt utval»

Desse måla kan forklarast vidare for kommunane i følgjande tekst frå Stortingsmelding 14 om regjeringa sin politikk:

«Regjerings politikk for forvaltning av naturmangfoldet i Norge kan sammenfattes i følgende hovedpunkter:

1. En mer treffsikker forvaltning av naturen
2. En klimatilpasset naturforvaltning
3. Styrking av kommunens kompetanse om naturmangfold
4. Innsats for truet natur
5. Bevaring av et representativt utvalg av norsk natur
6. Kunnskapsbasert forvaltning
7. Skreddersydde løsninger for de ulike økosystemer»

Oppnåing av desse måla er avhengig av at støtte, incentiver og subsidiering av miljøskadelege aktiviteter/produkter faser ut og at de blir brukt for å fremme produkter og aktiviteter som er positive for miljøet. Tett samarbeid mellom offentlege organ og privat verksemder spelar ei viktig rolle for framtidig bevaring av naturen.

## 4.2. Fylke

Fylket sitt mål for betre arealdisponering, tettestadutvikling (hovedmål 2) og berekraftig bruk av naturressursar, både på land og i sjø (hovedmål 6) er lagt fram i fylkesplanen sitt [handlingsprogram for kompetanse og verdiskaping](#). I tiltaksdelen ligg forskjellige punkt for vidare rådgjeving og utvikling, samt forskjellige tilskotssordningar for å fremme berekraftig bruk av areal og ressursar.

## 4.3. Kommune

Kommunen sine mål er å synlegjere viktige artar, naturypar og naturområde som bør bevarast for framtida. Omsyn til naturen bør sjåast i samanheng med friluftsliv, folkehelse, framtidig utbygging, klimaendringar osv. Kommune si hovudrolle er å utvikle strategiar for innhenting og formidling av informasjon og etablering av rammer for føreseieleg arealforvalting/planlegging. For å kunne nå nasjonale, regionale og lokale mål er det nødvendig med ein strategi som dekkjer følgjande punkt:

1. Langsiktig berekraftig naturforvalting
  - Sikre ein solid kunnskapsbase igjennom opplæring og informasjonsformidling
  - Utvikling av berekraftige reguleringsplanar som tek vare på naturmangfold, friluftsliv, klima endringar m.m.
  - Tilrettelegging i friluftsområde for å redusere slitasje, ev. etablere ein strategi for besøksforvaltning
  - Etablering av retningslinjer og føresegner for bruk av friluftsområde og viktige natur-

---

område

2. Utgreiing og overvaking

- Oppfølging/oppdatering av naturkartleggingar
- Kartlegging av viktige sjøområde
- Overvaking av endringar i fuglebestanden i verneområda
- Kartlegging av virvellause dyr, fisk og pattedyr
- Etablere rutinar for rydding i kulturlandskapet/friluftsområda

3. Skjøtsel og ev. restaurering av forringa natur

- Etablering av skjøtselsplanar innanfor om synssonene, ev. andre interesseområde ved førespurnad
- Etablere saksbehandlingsrutinar for tilsyn og ev. brot
- Etablere samarbeidsrutinar mellom frivillige lag/organisasjonar og grunneigarar for å fremme eigeninnsats

Nærere beskriving av kommunens målsetingar finnes i kommunedelplanens handlingsdelem.



Foto: Mor og barn - Børge Sandnes





Foto: Giske fuglefredningsområde - Pia Dietrichson

## 5. Dagens situasjon

## 5. Dagens situasjon

Giske kommune har opplevd stor vekst det siste åra. Utviklinga set stort press på areal til bygging av bustad, næringsbygg, offentlege bygg, teknisk anlegg, o.l. Naturområda i Giske kommune har blitt veldig populære for rekreasjon og friluftsaktivitetar. Aukande press for omdisponering av areal og auka ferdsel har ført til uheldige konsekvensar for både landbruk, friluftsområde og naturen generelt. Auka ferdsel øydelegg sårbart planteliv og forstyrrar fuglar og pattedyr i viktige livsstadier. Endra bruk av naturområda har ført til auke i forsøpling og forureining.

Modernisering innan landbruket har også hatt uheldige konsekvensar for naturen. Kartleggingsrapportar viser at tilføring av gjødsel frå landareala og private utslepp skadar naturtypar når nitrogenbalansen vert endra. Reduksjon i bruk av beitemark for små husdyr har ført til gjengroing av naturtypar. Introduksjon av framande treslag har ført til ukontrollert spreiling og forringing av naturen. Auka mekanisering har ført til

nær utrydding av enkelte fugleartar som hekkar på mark, blant dei åkerrikse.

Mangel på informasjon om tilstanden i sjøen er ei stor bekymring. Auka ferdsel av småbåtar, større mengder utslepp og mangel på informasjon, gjer det ikkje mogleg for kommunen å ta stilling til dagens situasjon og innføre tiltak for å utbetre han. Hav- og fiskerirelaterte næringar som fiskeri, fiskeoppdrett, taretråling m.m., er avhengige av rett balanse mellom tilgang på næringsstoff, vekstperiodar og innhausting for å kunne halde næringa over tid. I tillegg finst det samanhengar mellom naturtypar på land og naturtypar i sjøen som bør takast omsyn til dersom innhaustinga vert for stor. Det er sterkt behov for dokumentasjon om naturtypar og tilstanden i sjøen for å kunne oppretthalde ein god balanse og samtidig få nytte naturressursane på ein berekraftig måte.



Foto: Stikk ut - Børge Sandnes




Foto: Graffiti hule (Skjonghellaren)- Børge Sandnes





*Foto: Rørvikvatnet naturreservat, Vigra - Angelica Tally*

## 6. Kommunedelplan for naturmangfold

## 6. Kommunedelplan for naturmangfold

---

Hovudoppgåva med prosjektet er å samle eksisterande kunnskap og kartfeste lokale naturverdiar kommunen meinar er viktige. Det finst store naturområde av nasjonal og regional forvaltningsinteresse, men også mange mindre område av lokal interesse som treng forvaltning. Dei utvalde områda er område som er kartlagde og klassifiserte for å ha veldig høg verdi og svært bra tilstand, men som har opplevd veldig stor endring i friluftsaktivitet og er utsettfor forringing. Planen forsøker å samle områda og finne gode alternativ for bruk og forvaltning som kan ivareta både naturverdiar og brukerinteresser. Sidan slitasje og forringing av naturområda er ei felles problemstilling i heile kommunen, har ein valt å prioritere dei større, mest følsomme områda. Tiltak for mindre lokalviktige naturområde, som ikkje er omtalt i planen, kan utarbeidast etter behov i samarbeid med grunneigarane.

Felles problemstilling for alle naturområda er manglande kunnskap/forståing om naturverdiane og passande bruk av områda. Det vert innhenta informasjon om lokale naturtypar frå eksisterande kartleggingar, naturbasen, og rapportar frå statlege institusjonar. Innspel frå grunneigarar og andre partar vert innhenta i folkemøte og samtalar med kultur- og idrettsinteresserte. Miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal og biologen Dag Holtan har hatt ei sentral rolle ved innhenting av viktige opplysningar og forståing av dei. Kunnskapen vert oppsumert og visualisert i planen og vedlegga, slik at det no er oversiktleg for både kommunen, politikarar og brukarar.

No når informasjonen er lettare tilgjengeleg, er det viktig å formidle han vidare til grunneigarar og publikum, spesielt det som gjeld følsomme område og om-

råde med ferdsselsforbod. Alle opplysningar om naturområda, omsynsoner og retningslinjer finst i vedlegg kapittel 7.5 i dokumentet. Plankartet viser interesseområda og omsynssonene ein bør inkludere når ein skal vurdere diverse forvaltingstiltak. Illustrasjonskart inneholder supplerende informasjon om naturtypar, verneområde og klassifisering. Vedlegg Fauna og Flora inneholder informasjon om raudlista-arter kartlagde eller observerte i kommunen. Vedlegg Svarteliste inneholder informasjon om skadelege arter registrerte i kommunen. Ein bør jobbe aktivt for å redusere/kontrollere spreiing av desse artane.










Foto: Blimsanden, Vigra - Odd Karsten Hanken

## 7. Handlingsdel

# 7. Handlingsdel

## 7.1 Beskriving

Kommunedelplan for naturmangfald skal ligge til grunn for framtidig areal- og naturforvalting i kommunen. Kommunedelplanen sin handlingsdel skal i utgangspunktet vere ei ramme for å nå dei forskjellige måla kommunen har sett seg.

I punkt 4.3 under kommunen sine målsettingar blei følgjande hovudmål presiserte:

1. *Langsiktig berekraftig naturforvalting*
  - *Sikre ein solid kunnskapsbase igjennom opplæring og informasjonsformidling*
  - *Utvikling av berekraftige reguleringsplanar som ivaretar naturmangfaldet, friluftslivet, klimaendringar m.m.*
  - *Tilrettelegging i friluftsområda for å redusere slitasje, ev. etablere ein strategi for besøksforvaltning*
  - *Etablering av retningslinjer og føresegner for bruk av friluftsområde og viktige naturområde*
2. *Utgreiing og overvaking*
  - *Oppfølging/oppdatering av naturkartleggingar*
  - *Kartlegging av viktige sjøområde*
  - *Overvaking av endringar i fuglebestanden i verneområda*
  - *Kartlegging av virvellause dyr, fisk og pattedyr*
  - *Etablere rutinar for rydding i kulturlandskapet/friluftsområda*
3. *Skjøtsel og ev. restaurering av forringa natur*
  - *Etablering og/eller revidering av skjøtselsplanar innanfor omsynssonene, ev. andre interesseområde ved førespurnad*
  - *Tilbod om rettleiing, ev. etablering av skjøtselsplanar for fjerning av svartelista artar*

- *Tilbod om rettleiing for etablering av miljøvenlege hagar hos private*
- *Etablere saksbehandlingsrutinar for tilsyn og ev. brot*
- *Etablere samarbeidsrutinar mellom frivillige lag/organisasjonar og grunneigarar for å fremme eigeninnsats*

### 1. LANGSIKTIG BEREKRAFTIG NATURFORVALTING

Ein ser at mesteparten av forringa i naturen har skjedd på grunn av generell kunnskapsmangel. Både offentlege og private aktørar har utført arbeid etter beste evne, men av og til har bakgrunnskunnskapane ikkje vore tilstrekkelege nok for å kunne sjå dei langsiktige konsekvensane av visse tiltak. Ein god del informasjon er no tilgjengeleg gjennom dei forskjellige kartleggingane, men den ligg spreidd og kan vere uoversiktleg og tung å forstå. I samband med pilotprosjektet er informasjonen som finst per hausten 2017 for Giske kommune samla under eitt. Det er kommunen sitt ansvar at informasjonen blir gjort tilgjengeleg for politikarar, saksbehandlar og publikum og at den vert brukt i kommunen sine politiske- og saksbehandlingsprosessar for å kunne ivareta naturområda for framtidig bruk.

Kommunen må først bygge opp kunnskap blant politikarar og saksbehandlarar dersom ein skal oppnå måla i punkt 4.3 del 1.

For å oppnå effektive resultat for langsigktig berekraftig naturforvalting og formidling av kunnskapen er det behov for:

- **Klare rutinar og retningslinjer for både saksbehandlarar og publikum om bruk og vern**

- av naturområda.** Interne retningslinjer for saksbehandling og krav til utbyggjarar/eksterne planleggarar for berekraftig utbygging må etablerast. Det er også viktig å spesifisere kva som er innmark, kva som er utmark, og korleis ein skal opptre i naturområda. Det er særskilt behov for lokale retningslinjer/forskrifter om bruk av vannscooter, bobilar, camping og andre friluftsaktivitetar. Retningslinjene skal inkludere krav til skriftlege avtalar mellom grunneigarar og private aktørar som vil drive friluftsrelatert verksemd på annan manns grunn.
- **Kurs, samlingar og møte med kommunalt tilsette og politikarar om temaet.** Kompetanseheving er eit sentralt punkt i kommunedelplan for naturmangfald. Den innsamla informasjonen skal formidlast vidare til politikarar, saksbehandlarar og andre aktuelle grupper i kommunen, ikkje berre som ferdig plan, men i form av møte og samlingar. Kompetanseheving for saksbehandlarar retta mot miljøproblematikken innanfor sine fagfelt skal vurderast, då det er mange gode løysingar å finne med rett planlegging og prosjektering. Skular og barnehagar bør ha tema som naturmangfald, klimaendring og rett bruk av naturområda som ein del av pensum.
  - **Internt bruk av diverse media for informasjonsformidling.** For å bevisstgjere og skape engasjement blant tilsette i Giske kommune, skal det sendast små «info-piller» internt med diverse informasjon, samt tips og råd om miljøvenlege løysingar. Dette kan vere via epost, intranett eller trykt materiell.
  - **Tettare samarbeid mellom plankontor, byggesak, anleggskontor, kultur, landbrukskontor og politikarar.** Naturforvalting og berekraftig utvikling krev tverrfagleg samarbeid og god kommunikasjon mellom fleire partar i kommunen. Det er viktig å ha felles forståing for dei utfordringane som oppstår i dei forskjellige områda som påverkar naturen og kome fram til løysingar som dekkjer dei ulike behova samtidig som ein ivaretar naturen. Det skal etablerast ei tverrfagleg samarbeidsgruppe for å diskutere slike utfordringar.
  - **Tilbod om rettleiing til utbyggjarar.** Tilgang til informasjon og rettleiing er viktig for å skape engasjement blant utbyggjarar. Tilgang til rett informasjon og kompetanse kan vere utfordrande i regionen. Kommunen skal ha ei aktiv rolle i informasjonsformidling, rettleiing og andre typar rådgivingstenester til utbyggjarar. Det kan vere aktuelt å etablere samarbeid med andre kommunar og utdanningsinstitusjonar i regionen for å formidle kunnskapane vidare.
- 
- ## 2. UTGREIING OG OVERVAKING
- Kartleggingar og anna informasjon som er grunnlaget for kommunedelplan for naturmangfald skal haldast oppdatert slik at planen kan rullerast med korrekt grunnlag. Oppdatering av informasjon er også viktig for rett val av tiltak, oppfølging og rettleiing. Eksisterande kartleggingar skal oppdaterast jamnleg, og manglande informasjon bør skaffast for å kunne ha eit heilskapleg bilde av situasjonen. Det kan også vere

aktuelt å utvide kartleggingsområda etter behov/etterspurnad. Det kan vere aktuelt å innføre tiltak retta mot særskilde artar, dersom dei er sterkt trua og ikkje er skjerma ved å skjerme naturtypen, f.eks. åkerrikse *Crex crex*. Når tiltak/skjøtsel er sett i gang, er det viktig med overvaking for å måle effekten av tiltaket og ev. kome med justeringar/endringar. Overvaking er også viktig for å måle effekten av informasjon og ev. endringar i bruken av friluftsområda.

Det finst konkrete kartleggingar om soppartar, fugleartar (ikke rovfuglar) og naturtypar (flora inkludert). Desse bør oppdaterast etter avtale med Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Det finst ikkje per 2017 eigne kartleggingar for pattedyr, virvellause dyr, fisk og sjøområde, berre observasjonar.

### 3. BESØKSFORVALTNING, SKJØTSEL OG KRAV OM KOMPENSASJON/RESTAURERING AV FORRINGA NATUR

Planar for skjøtsel og besøksforvalting bør utarbeidast for dei forskjellige omsynssonar i planen. Med besøksforvalting meiner ein utarbeiding av planar for formidling av informasjon om naturen og generelle forholdsregler for dei aktuelle områda. Informasjonen bør inkludere raudlista artar eller naturtyper, stiar, kulturminne, opphaldsplassar, bandtvang, åferdsreglar, parkering, offentleg transport, og andre tilbod som matstadar, WC, osv. Informasjonsstrategien skal inkludere skilting, nettsider og trykt materiell for både vaksne og barn. Informasjonen bør også inkludere opplysning om svartelista artar som finst i lokalmiljøet, tilrådd tiltak for fjerning av svartelista artar, kontroll av spreiling og forslag til hageplantar som medverkar til eit betre lokalmiljø eller økokagar. Når det gjeld

skjøtselsplanar, bør beiting aukast der det trengst. Kommunen bør ha ei aktiv rolle i å stimulere til bruk av beitedyr som eit viktig tiltak for bevaring av naturen. Tilskot til beiting i utvalde naturområde bør vurderast. Kommunen bør engasjere frivillige lag, interesseorganisasjonar, skular, grunneigarar og andre partar for å fremme privat innsats. Kommunen bør hjelpe til i søknadsprosessen, spesielt når det gjeld søknad om midlar til finansiering av diverse tiltak.

Kommunen bør utføre tilsyn av naturområda og etablere rutinar for saksbehandling ved aktivitetar eller brot som fører til forringing av naturen etter [naturmangfaldslova kap IX](#).

### 7.2 Ny stilting

Det bør vurderast å etablere ny stilting i kommunen for å kunne oppnå dei måla som er sette. Ansvasrområde bør inkludere saksbehandling, informasjonsformidling og samarbeid med diverse grupper, oppfølging av kartleggingar, etablering av besøksforvaltingsstrategiar og skjøtselsplanar, saksbehandling ved tiltak retta mot bevaring av naturen og oppfølging av prosjekt i samband med naturforvalting. Det bør også inkluderast feltarbeid for å følgje opp i terrenget og rapportere status og eventuelle avvik. Ansvarleg for feltarbeidet bør også ha ansvar for koordinering påfeltet ved utføring av tiltak.

### 7.3 Årshjul

På grunn av årstider, hekketider og skuleåret bør det etablerast eit årshjul med diverse aktivitetar som skal utførast i løpet av året. Ulike tiltak som kan settast i årshjulet er:

- Oppryddingskalender (brenning av lyngheier og/eller fjerning av framande artar)
- Oppryddingskampanjar
- Undervisningsturar
- Samlingsmøte for interessegrupper (sportsgrupper, naturentusiastar, o.l.)
- Infokampanjar

#### 7.4 Finansering

Det er nødvendig å skaffe oversikt over dei forskjellige tilskotsordningane som finst for å kunne hjelpe både kommunen og grunneigarar med diverse tiltak. Samarbeid med fylkesmannen for finansiering av tiltak kan vere aktuelt i enkelte samanhengar. Andre former for finansiering bør avklarast internt.



Foto: Plastikk søppel- ryddeaksjon i regi av Plastfritt Giske; - Børge Sandnes

---

## 7.5 Omsynssoner og anbefalt tiltak

«Omsynssoner og anbefalt tiltak» inneholder informasjon om naturområda i Giske kommune og anbefalt tiltak for skjøtsel. Desse naturområda vert sett innanfor omsynssoner der naudsynt tiltak skal utførast for å skjerme dei. Omsynssoner er tilpassa etter naturtype, belastning og behov for skjøtsel. Enkelte av områda vert slått saman for å gi ei meir heilskapleg forståing av problemstillingar og deira løysingar. Omsynssonene er ikkje forbodsoner, med mindre dei er vedtatt verneplan frå før. Omsynssoner er bufferområder, der menneskeaktivitet er tillatt med tilpassingar for å bevare naturen.

Interesseområda på land tilsvrar naturområda i Giske kommune som er kartlagde. Plante- og dyreliv som er typisk for desse områda er frå sårbar til trua, og må skjølast på riktig måte dersom dei skal bevarast for framtida. Informasjonen er organisert etter øy, i alfabetisk rekkefølge. Informasjonen om naturområ er henta frå <http://kart.naturbase.no/> og følgjande rapportar:

Kartlegging av naturtyper i Giske kommune, Holtan, Dag. 2004

Supplerande kartlegging av naturtypar i Giske kommune, Holtan, Dag. 2013

Naturtyper i 16 verneområder i Møre og Romsdal fylke, Gaarder, G., Fjeldstad, H., Flynn, K. M. & Hanssen, U. 2011

Områda i sjøen er utpeika av Fiskeridirektoratet som interesseområde og bør kartleggast. Korallrev ved kommunen si sørvest-grense er registrert på kart.naturbasen.no, men verken tilstanden eller mangfaldet er kartlagt. Det er behov for nærmere observasjon og kartlegging av desse områda for å kunne drøfte retningslinjer for bruk og vern. Sjøområda i Giske kommune evaluerast og kartleggjast i sambånd med nasjonalprosjektet «MAREANO» om marine grunnkart i regi av Runde research centre. Prosjektet vil gi informasjon om sedimentlag og topografisk utforming i sjøen. Kommunedelplanen skal rullerast for å inkludere dei nye opplysningane og etablere handlingsplanar for interesseområda i sjøen. Informasjonen om naturtyper er henta frå følgjande rapportar: Det vert ynskeleg å kunne være en del av kartleggingsprosjekt «MAGIN» når prosjektet vert vedtatt.

Helhetlig forvaltningsplan for Norskehavet: Sårbarhet for særlig verdifulle områder i forhold til petroleumsvirksomhet, fiskeri, skipstrafikk og annen påvirkning, Olsen Erik og Auran, Jo Anders

Norsk rødliste for naturtyper 2011, Lindgaard, Arild og Henriksen, Snorre. 2011


Vedlegg 1 - Direktoratet for naturforvaltnings tilråding om å gi naturtypene høstingsskog og ålegraseng status som utvalgte naturtyper

Kartlegging av marint biologisk mangfold, Direktoratet for naturforvaltning, 2007

## OMRÅDA PÅ LAND

### ERKNA





#### H720\_ERKNA

Lokalitet: 3,5 km nordvest for Synnesneset på Vigra

IDnummer: VV00002902

Hovudnaturtype: Havstrand/kyst

Naturtype: Viltlokalitet (begrepet viltlokalitet er ikkje ein naturtype i DN-håndboka)

Utforming: Ikkje spesifisert

Prioritet: A

Beskriving:

Erkna er ei lita øy med store strandflater og eit høgdedrag med ein del berghamar. Det meste av øya er graskledd. Området har særskilt verdi for biologisk mangfald og innehold trua, sjeldsynt og sårbar natur. Periodvis har Erkna vore den viktigaste sjøfugløyen i Møre og Romsdal etter Runde når det gjeld tal på hekkande fugl og arts mangfald. Erkna er også ein viktig rasteplass i trekktidene for eit stort utval av fugl. Av botaniske artar kan ein nemne villapal, vivendel og østersurt. Øya vert brukt som beiteområde for villsau. Sjølv om øya ligg ganske isolert, er det problem med båtbrukarar og søppel transportert via havstraumen.

Anbefalt tiltak/skjøtsel/omsyn:

Det er ferdelsforbod på Erkna i perioden 01.05 til 31.07. Verneplan for hekkande sjøfugl. Vern av Erkna naturreservat gjeld, <https://lovdata.no/forskrift/2010-05-28-858>. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har forvaltningsansvar for reservatet. Det bør etablerast eit samarbeidsprogram mellom fylkesmannen, Giske kommune og villsaubøndene for bevaring av

området. Området er truleg fritt for mink og er elles lite påverka. Ein bør ikkje forstyrre fuglar i hekketida. Det er ein fordel at området vert beita av sau for å behalde balansen i plantelivet. Overvakning bør etablerast. Det bør utarbeidast lokale retningslinjer for bruk av innmark og/eller verneområda for friluftsaktivitetar.





#### H560\_AUST FOR BUHOLMEN

Lokalitet: Giske nord, strandområde mellom Storevika og Staurneset

IDnummer: BN00015273, utvida

Hovudnaturtype: Havstrand

Naturtype: Sanddyne, sand- og grusstrand, rikt strandberg

Utforming: Fordyne, sandstrand med tangvollar

Prioritet: B

Beskriving:

Området har stor variasjon i naturtypar, med sanddyner, sand- og grusstrand, strandberg, artsfattige fordyner og tangvollar. Vegetasjonen varierer mellom rike lågurt- og engsamfunn på berge til ein meir klassisk høgstaudevegetasjon på etablerte sanddyner, med fleirårig gras-/urtetangvoll og driftspåverka sandforstrand, dessutan driftsinfluert grus-/steinstrand og strandberg med rik utforming. Området er også viktig for hekkande og trekkande ande-, vade- og måsefuglar. I 2003 blei det registrert hekkande storspove, tjeld og vipe i området. Området er trua av gjødsling, attgroing og tekniske inngrep. Framande artar inkluderar rynkerose, svarthyll, gjestaraske, skvallerkål og sitkagran.

Anbefalt tiltak/skjøtsel/omsyn:

Området bør ikkje utsetjast for fysiske inngrep. Fysiske inngrep i dyrka mark mot området bør vurderast, eventuelt tilpassast for å etablere ein overgangssone mot området. Det er ein fordel for eksisterande vegetasjon at beitinga forgår som den er per dags dato. Framande artar bør fjernast. Det bør ikkje gjødslast i ei buffersone mot sjøen. Sand og stein bør ikkje fjernast. Overflødig trakk og forsøpling bør unngåast. Private avløpsanlegg med utslepp i området bør oppgraderast for å tilfredsstille dagens rensekrev/-standard. Dyr som hekkar eller beiter i området bør ikkje forstyrra.



## H560\_GISKE FUGLEFREDNINGSSOMRÅDE

Lokalitet: Vest og nordvest på Giske

IDnummer: VV00001392 (verneområde), BN00015274 (naturtype), med buffersone/nedbørsfelt

Hovudnaturtype: Strandeng og strandsump

Naturtype: Strandeng, strandsump kalkrike strandberg, tangvoll, undervasseng, viktig viltområde

Utforming:

Prioritet: A, svært viktig. Området blei verna som fuglefredningsområde i 1988 og har status som Ramsarområde sidan 1996. Området er ein av dei viktigaste rasteplassane for vadefugl som er registrert på norskekysten.

Beskriving:

Området er ein av dei strandlokalitetane i Møre og Romsdal som har størst utval av vegetasjonstypar. På nordsida er det sanddyner med strandrug, middels rike strandberg med eit interessant utval av artar. På Kvalneset er det mykje urdakatt (stankstorkenebb) på den gamle klippfiskvollen. I Makkevika er det stor tarevoll med meldevoll og strandbalderbråvoll på baksida. I sumpen er det svært variert vegetasjon, med hestehavreeng i tørrare parti og pølar og sig der det er fuktig. I gruntvassområda inntil vika er det undervasseng med m.a. gode bestandar av ålegras. Makkevika er ein av dei viktigaste rasteplassen for vadefugl som er registrert på norskekysten med ca 40 artar. Blant dei er heilo, mysnipe, brushane, sandlo, dvergsnipe, tundrasnipe, kvartbekkasin, gravand, stokkand, ærfugl, enkeltbekkasin, raudstilk, storspove, tjeld og vite. Av framande artar finnst det rynkerose i syd, og sitkagran i kantsone sør for området.

Anbefalt tiltak/skjøtsel/omsyn:

Forskrift om vern av Giske fuglefredningsområde med tilgrensande dyrelivsfreding, gjeld, <https://lovdata.no/forskrift/1988-05-27-390>. Fylkesmannen i Møre og Romsdal er ansvarleg for skjøtsel av fuglefredningsområdet. Giske kommune bør samarbeide med Fylkesmannen for å skjøtsle tilgrensande areal, for å unngå spreieing av framande artar og sikre nedbørsfeltet med avrenning mot våtmarka og fredningsområdet. Fredingsområdet bør beitast, helst av ungdyr. Fuglane bør ikkje forstyrast i hekke- eller trekktida. Landbruksdrift bør tilpassast inni og inntil fredingsområdet for å bevare natu-

ren. Delar av fredingsområdet blei arrondert etter orkanen Dagmar i 2011 og naturtypane vart øydelagde. Bruk av gjødsel i fredningsområdet og i bufferzonene bør unngåast. Framande planterarter bør fjernast. Fysiske inngrep, uttak av sand og stein i området bør unngåast. Fylkesmannen, Giske kommune og relevante aktørar bør legge til rette for rett bruk og utnytting av vika for fugleinteresserte i reiselivssamanheng. Avfallsdeponering og brenning av avfall i området bør unngåast. Det bør utarbeidast lokale retningslinjer for bruk av innmark og/eller verneområda for friluftsaktivitetar.



## H560\_GISKE UTMARK

Lokalitet: Giske

IDnummer: BN00085392 og nedbørsfelt

Hovudnaturtype: Kystmyr

Naturtype: Intakt låglandsmyr

Utforming: Atlantisk høgmyr

Prioritet: B, raudlista som sårbar (VU)

Beskriving:

Området ligg inneklemt midt på Giske. Det er den eineste utmarka på Giske. Området grensar til veg mot sør, dyrkamark i aust, vest og nord.

Området er ei nedbørsmyr med tendensar til atlantisk høgmyr. Området er artsfattig, med typiske myr- og kystplantar. Vegetasjonen hører til blanding av fattig tuemyr, med røsslyng-/kystheiutforming og fattig fastmattemyr, med klokkeling-romeutforming. Dessutan er der eit tjern midt på myra, med flyteblad-vegetasjon, truleg vanleg tjønnaksutforming. Området er også hekkeplass for fiskemåse og opphalds- og hekkeplass for stokkand. Tidlegare har det flekkvis vore torvtekt, men det er lenge sidan det vart slutt på denne drifta. I dag er lokaliteten i attgroing, m.a. med einer og bjørk. Sitkagran er i etablering på tuer. Det er observert ei mengde avfall i området. Området er trua av drenering og attgroing.

Anbefalt tiltak/skjøtsel/omsyn:

Ein bør ikkje tillate fleire fysiske inngrep i området. Avfall bør fjernast, og framtidig deponi bør unngåast. Framande planter- artar bør fjernast. Nedbørsfeltet/avrenning med fall mot området bør ivaretakast, slik at vassbalansen i myra vert bevart. Overflatevatn og grunnvatn frå eksisterande og framtidige bustadområde i nærleiken av området bør leiaast tilbake til grunnen. Fuglane bør ikkje forstyrrest i hekketida. Tilføring av gjødsel bør unngåast.



### H560\_SANDVIKA NORD

Lokalitet: Giske aust, frå Staurneset til Giskebrua

IDnummer: BN00085399 og BN00085396, utviddet

Hovudnaturtype: Sanddyne og skrotemark

Naturtype: Sand- og grusstrand; skrotemark

Utforming: Sandstrand med tangvoller; vei- og jernbaneutfylling

Prioritet: B

Beskriving:

Området er den nordlege delen av Sandvika, som vart delt i nord og sør då bruva vart bygd. Området består av velutvikla og intakt sand- og grusstrand. Sanddyner har begynt å utvikle seg i skrotemarka. Vegetasjonen høyrer truleg til blandinga mellom fleirårig gras/urtetangvoll. Det som vekkjer størst interesse av planter er at den tidlegare raudlistearten bittersøte har etablert seg i skrotemarka i løpet av dei siste åra, og er no talrik, pluss at marehalm også har etablert seg langs autovernet. Vegetasjonen i dei siste 20 åra har våre stabil, med store tangmeldevollar og store grasartar og urtar. Naturtypen var nok meir dynamisk før bygging av bruva. Det er ei mindre mengde sitkagran under etablering langs vegbana. Åkertistel har ein stor bestand i skråninga mot sandstranda i nordvest.

Anbefalt tiltak/skjøtsel/omsyn:

Det bør etablerast ein skjøtselplan med grunneigar for bevaring av marehalmen. Det bør etablerast rutinar for fjerning av søppel frå badegjestar og planterestar, samt kontroll med spreieing av sitkagran og andre framande artar. Fysiske inngrep, uttak av sand og stein i området bør unngåast.



## H560\_SANDVIKA SYD

Lokalitet: Giske aust, frå sørsida av bruа til Gjerdesanden

Lokalitetsnummer: BN00085397, utviddet

Hovudnaturtype: Sanddyne

Naturtype: Sanddyne

Utforming: Store og flate flyvesandsområder

Prioritet: B, fordi sanddynemark er raudlista som sårbar (VU)

Beskriving:

Området er den nordlegaste lokaliteten nasjonalt som har areal med marehalm. På grunn av den reduserte storleiken på arealet, blir det ikkje vurdert som verdi A. Området består av næringsrike, marine strandavsettingar, med strandrugutforming og primærdyne med marehalmutforming. I tillegg til marehalm, finst det førekommstar av sandstorr og strandkveke i området. Desse karplantane har nordgrensa si i Møre og Romsdal. Området er ikkje kartlagt for sjeldne soppartar knytt til sanddynemark, men slike førekommstar kan heller ikkje utelukkast.


Anbefalt tiltak/skjøtsel/omsyn:

Det er ikkje påvist teikn til slitasje i vegetasjonen i området på grunn av næringssalt i landbruksområdet like ved. Slitasje på grunn av badegjestar bør overvakast. Fysiske inngrep, uttak av sand og stein i området bør unngåast. Utvikling av marehalm bør kartleggast kvar 5. år, og eventuelle avtalar med grunneigarane bør unngåast for bevaring av området

---

## GODØY





## H570\_ALNES

Lokalitet: Godøy nord

IDnummer: Kulturlandskap KF00000226, naturtyper BN00015280, BN00015276 og BN00067553

Hovudnaturtype: Naturbeitemark, Nordvendte kystberg og blokkmark og sanddyner

Naturtype: Naturbeitemark, frisk fattigeng og fuktig fattigeng;

Utforming: Fuktig fattigeng beitet; lavrik utforming; fordyne

Prioritet: A (naturbeitemark), B (nordvendte kystberg og blokkmark) C (sanddyner)

Beskriving:


Alnes har status som nasjonalt viktig kulturlandskapsområde og har eigen skjøtselsplan for landbruksdrift og bevaring av naturtypene. Det finst tre område som er kartlagde, alle av forskjellig naturtype. Det som er felles for alle 3 områda, er at dei er avhengige av tradisjonell landbruksdrift for å kunne behalde dei viktige biologiske verdiane som karakteriserer dei.

Vegetasjonen i naturbeitemarkområdet er prega av eng, men utviklar seg mot høgstaudeenger og krattskog. Det er funne 14 typar raudlista sopp som er tilknytte beite- og slåttemark i området. Vegetasjonen i kystbergområdet høyrer til bergsprekk og bergveggvegetasjon, med eit stort utval av mosar av oseanisk art, blant dei gullprikklav (VU). Sanddyneområdet er eit samansett område med artsfattige sanddyner, sand- og grusstrand og overgangar til sump og strandeng. Vegetasjonen i området er difor svært variert når den vert sett samla.

Anbefalt tiltak/skjøtsel/omsyn:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har forvaltingsansvar for området. Giske kommune bør samarbeide med fylkesmannen for bevaring av området. Naturbeitemark og sanddyner er driftspåverka av gjødsel og fysiske inngrep. I naturbeitemark er sitkagran, buskfuru og sannsynlegvis platanlønn i spreieing. I sanddyner, er det rynkerose og raigras som spreier seg. Desse

framande artane bør fjernast. Beiting bør aukast i naturbeitemarka. Bruk av gjødsel bør reduserast. I sanddyneområdet bør det ikkje tillatast uttak av sand og stein. Fysiske inngrep i terrenget i dei 3 utpeika naturområda bør unngåast. Uttak av stein og sand bør ikkje tillatast.



## H560\_AUST FOR ALNES

Lokalitet: Nordaust side av Godøy, langs gamlevegen mot Alnes (stengt for rasfare)

IDnummer: BN00015281, utvidet

Hovudnaturtype: Andre viktige førekomstar

Naturtype: Rasmark, berg og kantkratt

Utforming


Prioritet: B

Beskriving:

Opne, beita lyngheier og engvegetasjon, med innslag av skog somme stadar i hamrane. Raudlisteartar kvitkurle (DC) og hinnebregne (V). Typisk i området er basekrevende fjellplantar. Dei mest uvanlege er svartstorr og trillingsiv. Det er ikkje vanleg å finne desse artane på ytrekysten i Møre og Romsdal sør for Romsdalshalvøya. Området er delvis beita av sau. Det er kraftlinje, veg og tunnelopning lengst aust.

Anbefalt tiltak/skjøtsel/omsyn:

Det vert anbefalt vidare beiting for å halde området vedlike. Masseuttak bør unngåast. Kviturle og svartstorr bør ikkje plukkast. Fysisk inngrep i området bør unngås.



#### **H560\_9\_LESTABUKTA-KANNSET**

Lokalitet: Lengst vest på Godøy, nordvest- og sydvestsida, mellom Juv og Alnes

IDnummer: BN00015278 (syd) og BN00015279 (nord), utvidet

Hovudnaturtype: Sydvent berg og rasmark/Andre viktige førekomstar

Naturtype: Sørvendte berg og rasmeker; Nordvendte kystberg og blokkmark

Utforming: Kalkrik og/eller sørvendt bergvegg; Sørlig, oseanisk moseutforming


Prioritet A (Kannset); B (Lestabukta)

Beskriving:

Området er utvida mot Juv for å inkludere edellauvtreskogen, då Godøya er den einaste øya i kommunen med ein slik skog. Det er også verd å nemne at Godøya er den einaste staden i kommunen der det finst hoggorm. Utvidafeltet er beita, med ein mindre del som er dekt av sitkagran. Innanfor naturtypen for Kannset er utvikling av plante- og dyreliv uforstyrra. Vegetasjonen er typisk for berg og rassmark. Viktige artar som er funne er kystblåfiltlav (VU) og olivenfiltlav (NT), filtkongsllys (sjeldan på ytterkysten), børsteseigsopp, almetre (NT), oter (VU) og vandrefalk. Av framande artar finst det mørrebjørnebær, planta i område i 1980-tallet av ein grunneigar frå det lokale samfunnet. Naturområdet Lestabukta er stort, intakt, variert, artsrik og godt utforma. Typisk i området er kystbjørkeskog, bergsprekk og bergveggvegetasjon, der havburkne (VT) og svartstorr (sjeldan i ytrekysten av fylket) er av interesse. Området er ikkje sterkt beita, og det er attgroing med einar og lauvkjerr. Av framande artar er sitkagran og buskfuru under etablering.

Anbefalt tiltak/skjøtsel/omsyn:

Beitinga bør aukast for å halde området i stand. Fysisk inngrep bør unngås. Det er behov for ein skjøtselsplan for fjerning av framande artar og beiting med små gardsdyr. Området bør overvakast for slitasje frå turgårar, og ev. etablere stiar for å redusere det.



#### H560\_LESTEN

Lokalitet: Vest for Alnesvatnet, på fjellet.

IDnummer: N00015277, utvidet

Hovudnaturtype: Kystlynghei (trua naturtype)

Naturtype: Området er kystlynghei med røsslyng- heigråmose- og røsslyng- slåttemark-torvullutforming.

Utforming: Kystfjellhei

Prioritet: B


Beskriving:


Området er rikt med urtar og typiske artar som høyrer til lymfheiar. Attgroing med einerkratt og buskas førekjem, då området ikkje vert beita lenger. Det er observert hekkande smålom (DC) i fleire tiår. Like ved området ligg Alnesvatnet, drikkevasskjelde for Giske kommune. Ferdsel i området har auka i dei siste åra. Det er fisking av regnbogeaure i Alnesvatnet.

Anbefalt tiltak/skjøtsel/omsyn:

Store delar av området ligg innanfor nedbørssfeltet for Alnevatnet. Området bør difor skjøtslast og fredast på en viss måte, slik at det ikkje er konflikt med restriksjonar for nedbørssfeltet. Framande bartre bør fjernast. Smålom (DC) og andre fuglar som er etablerte i området, bør ikkje forstyrast i hekketida. Fysiske inngrep i området bør unngåast, då området utgjer ein viktig og intakt del av alle dei kystfjellheiene ein finn på platået på mange av øyane på Sunnmørskysten. Området bør overvakast for slitasje frå turgåarar, ev. behov for stiar bør vurderast..

## VALDERØY





#### H560\_SKJONGHELLAREN

Lokalitet: Vest på Valderøya, nord for bruva

IDnummer: BN00015272, justert mot syd, utviddet mot nord

Hovudnaturtype: Sydvent berg og rasmak

Naturtype: Sydvendt berg og rasmak, med kalkrik og/eller sydvendt bergvegg

Utforming: Kalkrik og/eller sydvendt bergvegg


Prioritet: B

Beskriving:

Vegetasjonen i bergveggane hører til bergsprekk og bergvegg, dels ei baserik utforming, medan ein i hasselkratta ofte ser ein del rik lågurtvegetasjon. Hasselkratta er ikkje så gamle, men i spreiing, og har også innslag av andre rikborkstre. Vandrefalk, av og til også dvergfalk, hekkar i området. Dei mest artsrike delområda ligg kring Skjonghelleren. Bergveggane og bergrøta er såpass utilgjengelege at dei stort sett er intakte, bortsett frå området ved idrettsbana og sørover. Det blei gitt løyve til sprenging ved utviding av idrettsanlegget, og det er masseuttak mot sør. Tidlegare har det vore beiting i området. Det er attgroing med sitkagran, platanlønn og buskfuru. Det er etablert turstiar og sitjeplassar/bålplassar langs området. Skjonghelleren er eit viktig og freda fornminne. Det er graffiti-kadar på veggane, forsøpling og bålrestar inn i helleren.

Anbefalt tiltak/skjøtsel/omsyn:

Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje vert utsett for fysiske inngrep. Det er ein føremon for lågurtvegetasjonen under bergrøta om beitinga vert teke opp att, og framande bartre bør fjernast. Det er behov for fleire god turstiar og informasjonsskilt for å redusere slitasje i området.



#### H560\_SÆTERDALEN NATURRESERVAT

Lokalitet: Valderøyfjellet

IDnummer: VV00002904 , utviddet

Hovudnaturtype: Viltlokalitet

Naturtype: kulturlandskap, kystlynghei

Utforming

Prioritet: C

Beskriving:

Området ligg på toppen av Valderøyfjellet, og strekker seg fra Fløyna mot sør til Sætredalen mot nord, for å inkludere Sætredalen naturreservat. Store fuglekoloniar er etablerte i området. Vegetasjon består av kystlyngheier rike på gras og urtar. Det finst delområde med bar- og lauvtre, der sitkagran er dominerende. Vassmagasinet blei nedlagt og tømt i 2012. Signaltårnet er et populært landmerke i området. Området er svært populært blant turgåarar og er prega av slitasje av det.


Anbefalt tiltak/skjøtsel/omsyn:

Det er ferdelsforbod i Sætredalen naturreservat i perioden 01.05 til 31.07. Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl, vern av Sætredalen naturreservat gjeld, <https://lovdata.no/forskrift/2010-05-28-861>. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har forvaltingsansvar for delområdet som hører til reservatet. Giske kommune bør samarbeide med fylkesmannen for å bevare både reservatet og nærliggende område, då terrenget er påført mykje skade på grunn av auke i tura.

artar bør fjernast for å kontrollere spreiling. Det bør ikke fjernast stein og plantar frå området. Avfall og plastik-hundeposar bør ikkje brukast i området. Fuglane bør ikkje forstyrra i hekke- eller trekktida. Andre former for fysiske inngrep bør ikkje tillatast. Det bør utarbeidast lokale retningslinjer for bruk av innmark og/eller verneområda for friluftsaktivitetar.

---

VIGRA



## H560\_BLINDHEIM KYSTMYR

Lokalitet: Nordvest for Blindheimsvikane

IDnummer: BN00015268

Hovudnaturtype: Myr

Naturtype: Intakt låglandsmyr

Utforming: Blanding mellom nedbørsmyr og jordvannsmyr


Prioritet: A

Beskriving:

Området er ein isolert rest av intakte kystmyrer i låglandet, ei blant dei få på Sunnmørskysten. Området er over 50 dekar og naturtypen vert rekna som sårbar (VU). Området er hovudsakleg nedbørsmyr med fattig vegetasjon, med ein del som kan klassifiserast som høgmyr. Det er noko spor av torvtekking. Det er bartre i spreiing på dei tørre delane av myra.

Anbefalt tiltak/skjøtsel/omsyn:

Myra bør ikkje drenerast. Framand vegetasjon bør fjernast. Området bør ikkje utsetjast for gjødsling eller fysiske inngrep. Det kan vere positivt at beitinga blir tatt opp igjen.



#### H560\_BLINDHEIM – TØRNESET

Lokalitet: Nord på Blindheim, mellom Hageneset og Tørneset

IDnummer: (Hageneset) BN00085390; (Hagevika vest) BN00085391; (Blindheimsfjellet) BN00088403; (Blindheimsnausta) BN00085395 og BN00085393; (Blimshaugen) BN00015263; (Blimsanden) BN00015264; (Røssvika) BN000 15266; tilstøtende overgangsområder

Hovudnaturtype: Kystlynghei/ Naturbeitemark/ Sanddyne

Naturtype:

Utforming

Prioritet: Hageneset B; Hagevika vest B; Blindheimsfjellet B; Blindheimsnausta B; Blimshaugen A; Blimsanden A; Røssvika C


Beskriving:

Området består av flere små naturtypeområde tett mot kvarandre. Området er sterkt prega av menneskeaktivitet, med dyrkemark, badestrond og naustområde. Der er eit gammalt kloakkutslepp på austsida av sanddyneområdet. Søppeldeponi og søppelbrenning er observert fleire plassar. Det finst kystlynghei, strandeng og strandsump mot aust, naturbeitemark, blokkmark og kystberg i midten, sanddyner, strandeng og strandsump mot vest. Generelt for alle delområda er gjødsling, fysiske inngrep i terrenget, nedgang i beitinga og attgroing. Blant raudlista artar finn vi torvsåtemose (VU), gullprikklav (VU), berg og piggstry (NT) i blokkmarkområdet; purpurmarihand (VU), engvokssopp (VU) og Entoloma queletii (NT) i naturbeitemarka; og kjeldegras i sanddyneområda. Blant framande artar finst sitkagran, bergfuru, buskfuru, platanlønn, gjetartaske, linbendel, skvallerkål og åkertistel.

Anbefalt tiltak/skjøtsel/omsyn:

Området er ei samansetjing av fleire små område. På grunn av likskapen i problemstillingar blir dei sett på som eitt. Det bør utarbeidast ein skjøtselsplan for området som avgrensar/reduserer gjødsling, fysisk inngrep i terrenget og innfører beiting

med både sau og kyr. Drenering bør unngåast i dei våte delområda. Sand og stein bør ikkje fjernast, spesielt nær sandstranda. Framand vegetasjon bør fjernast. Søppel bør ikkje kastast eller brennast i området. Det bør setjast opp informasjonsskilt om bruk og vern av området for badegjestar og andre. Det bør utarbeidast lokale retningslinjer for bruk av innmark og/eller verneområda for friluftsaktivitetar.



#### H560\_BLINDHEIMSVIK FUGLEFREDNINGSMRÅDE

Lokalitet: Sørvest på Vignes, frå Blindheimsvika til deler av Gjøsund.

IDnummer VV00001393(verneområde), BN00015270 (naturtype) og utvidelse

Hovudnaturtype: havstrand

Naturtype: Strandeng og strandsump

Utforming: Området kan beskrivast som ein mosaikk der større delar er strandeng og strandsump, og mindre delar er driftvollar, kystlynkystlyngheier, sand-, stein-, og/eller grusstrand, strandberg, sanddynemark og kulturmarkseng.

Prioritet: B


Beskriving:

Området er ei langgrunn bukt med fleire småbekkar som munnar ut i bukta. Blindheimsvika er botanisk sett ei av dei mest verneverdige stredene i fylket. Området er verna som våtmarksreservat og blei omfatta av Ramsarkonvensjonen i 1996. Blant dei sjeldne artane som er funne, er smårøyrkvein (sjeldan på Vestlandet) og grashopperongar. Det vart tidligare registrert ishavstorr (sjeldan i område sør for Trøndelag), men ingen funn blei registrert i dei nyare kartleggingane. Området er ein viktig hekkeplass for gravand, raudstilk, sandlo, sivongar, storspove, tjeld og grågås. Det er bartreskog aust og sør.

Anbefalt tiltak/skjøtsel/omsyn:

Forskrift om vern av Blindheimsvik fuglefredingsområde gjeld, <https://lovdata.no/forskrift/1988-05-27-391>. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har forvaltningsansvar for delområdet som høyrer til verneområdet. Giske kommune bør samarbeide med fylkesmannen for å bevare både verneområdet og nærliggande område for å unngå spreiling av framande artar, forsøpling og drenering av området. Utvidingar og vidare utbygging frå flyplassen truar området, då meir areal blir tapt til utbygginga. Det finst tekniske anlegg frå flyplassen med utslepp mot bukta. Utsleppsvatnet inneheld baneavisingskjemi-

kalier kjemikalier. Tilstanden i sjøen bør kartleggast, og ev. behandling av overflatevatn frå flyplassen bør krevjast dersom dei skal fortsette å sleppe ut ved verneområdet. Grunnvatnet i verneområda bør testast for forureiningar frå flyplassen og veganlegg. Miljødirektoratet bør kreve Avinor for betre handtering av forureiningar, større bruk av ikkje-dødelege metodar for kontroll av kollisjonar mellom fugl-fly, og ev. deltaking i restaurering av nye fuglfredingsområde. Gitte løyvar om utslepp, påslepp og jakt/fangst av fuglar bør reviderast. Fysiske inngrep i området bør unngåast. Spredt avløp med utslepp mot fuglfredingsområdet bør oppgraderast for å tilfredsstille dagens standard. Deponi av avfall inn i eller mot området bør unngåast. Beiting med ungdyr bør takast opp igjen. Det bør utarbeidast lokale retningslinjer for bruk av innmark og/eller for friluftsaktivitetar.



#### H720\_LANGHOLMEN

Lokalitet: Nord for Blindheim, Vigra

IDnummer: VV00002901

Hovudnaturtype: Havstrand/kyst

Naturtype: Viltlokalitet

Utforming: Berglendt holme med frodig vegetasjon og flere smådammar og tarevollar.


Prioritet: C

Beskriving:

Området er et viktig hekkeområde for gråmåse, svartbak, teist, fiskemåse, ternane, gravand, tjeld og skjerpiplerke. Det er registrert mink sporadisk i området.

Anbefalt tiltak/skjøtsel/omsyn:

Det er ferdelsforbod for Langholmen naturreservat i perioden 01.05 til 31.07. Verneplan for hekkande sjøfugl. Vern av Langholmen naturreservat gjeld, <https://lovdata.no/forskrift/2010-05-28-859>. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har forvaltingsanvar for området. Giske kommune bør samarbeide med fylkesmannen for å kontrollere båtfart om sommaren og taretråling. Fuglane bør ikke forstyrres i hekketida.



## H560\_MOLNES NATURRESERVAT

Lokalitet: Nordsida av øya Vigra, frå Naustneset til Langeneset. Reservatet omfattar både sjø og land.

Lokalitetsnummer: VV00001951(verneområde), BN00015256 (Molnes naturtype) BN00015255 (Langhaugen)

Hovudnaturtype: Naturbeitemark

Naturtype: naturbeitemark, sandstrand, sanddyne, strandeng, kalkrike strandberg

Utforming: (Langhaugen) Frisk/tørr, middels baserik eng, beitet

Prioritet: A

Beskriving:

Ein av de viktigaste lokalitetane i Møre og Romsdal med både skjelsand og flygesand og store botaniske verdiar. Periodevis også eit rikt fugleliv. Nesten 50 artar som vert rekna som natureng- eller seterplantar er til no registrerte i området – eit svært høgt tal som ikkje finst elles i Møre og Romsdal. Det er funne 55 artar beitemarksopp, der 17 er raudlista sopparter (av disse 8 er sårbare). Av lav finst kystblåfiltlav (DC) som har nordgrense på Skuløya i Haram kommune. Av framande artar finst det sitkagran, bergfur, lauvkrott.

Det er mange teikn for menneskeaktivitet i området. Det har vore dyrka poteter og tulipanar i området inntil 1960-tallet. Det er ein del bygningar frå krigstida. Heimevernet har brukt området til øvingar. Det er restar av landbruksbygningar og gjerde. Området har vore beita av hest, ungfe og sau.

Anbefalt tiltak/skjøtsel/omsyn:

Forskrift om verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal, vedlegg 7, freding av Molnes naturreservat gjeld, <https://lovdata.no/forskrift/2002-11-08-1237>. Det bør utarbeidast ein skjøtselsplan for tilstøytande areal for å unngå spreiing og tilrettelegge for ferdsel. Giske kommune bør samarbeide med fylkesmannen for å bevare både reservatet og nærliggende områder.

gande område for å unngå spreiling av framande artar, forsøpling og slitasje i området. Ulovleg deponi og bål-/søppelbrenning skal ikke tillatast. Fjerning av sand, stein eller vegetasjon bør ikke tillatast. Det bør setjast opp informasjonsskilt om bruk og vern av området for badegjester og andre brukar av området. Framande artar bør fjernast for å kontrollere spreiling. Beitinga bør takast opp igjen for å halde vegetasjonsveksten under kontroll. Sitkagran, bergfuru og lauvkratt bør fjernast. Det bør utarbeidast lokale retningslinjer for bruk av innmark og/eller verneområda for friluftsaktivitetar.



## H560\_ROALDNESET

Lokalitet: Nord og nordaust på Roald, frå Roaldneset mot Skateneset

IDnummer: BN00015258 og utvidelse

Hovudnaturtype: Havstrand

Naturtype: Sanddyne, sandstrand, strandberg, strandsump

Utforming: Fordyne (innanfor naturtype sanddyne)


Prioritet: B

Beskriving:

Området består av det kartlagde sanddyneområdet på Roaldneset og nærliggande friområde mot nordvest (ikke kartlagt). Det er partiar med fordynar og primærdynar med meir eller mindre eroderte, ustabile dynar med flygesand. Det er tegn etter båltenning og ulovleg deponi innanfor delar av området. På grunn av utbygging i nærområdet, er det viktig å sette restriksjonar for byggherrar då det allereie er inngrep i friområdet og i nærliken av sanddyneområdet. Av framande artar er det registrert korgpil, rynkerose og skvallerkål.

Anbefalt tiltak/skjøtsel/omsyn:

Kommunen bør følge opp dei ulovlege tiltaka som er utførte i området, og ev. krevje tilbakeføring og/eller restaurering. Ulovleg deponi og bål-/søppelbrenning skal ikkje tillatast. Fjerning av sand, stein eller vegetasjon bør ikkje tillatast. Det bør setjast opp informasjonsskilt om bruk og vern av området for badegjestar og andre brukar av området. Framande artar bør fjernast for å kontrollere spreiling. Beitinga bør takast opp igjen for halde vegetasjonsveksten under kontroll



#### **H720\_ROALDSANDEN FUGLEFREDNINGSMRÅDE**

Lokalitet: Aust og nordaust på Vigra,

IDnummer: VV00001342 (verneområde) BN00015261 (naturtype)

Hovudnaturtype: Havstrand

Naturtype: Sanddyne, sandstrand

Utforming: Det er eit langt, smalt belte med fordyne og primær dyne med ein skilde menneskeskapte dynetrau på nordsida, ved flystripa. Sør for flystripa er det også fordyner. Begge stadar er det mindre område med tangvoll.


Prioritet: B

Beskriving:

Området er eit av dei områda i Giske kommune som ligg under Ramsarkonvensjonen og består hovudsakleg av sanddyner, delt i to ved siste utviding av flystripa. Av raudlista vegetasjon var det tidligare registrert fagerknoppurt, lodnefaks og marenhalm. Det finst ein del steinfyllinger på nordsida av området. Det er teikn til sanduttak rett nord for flyplassen. Framande bartre er brukt til leplanting langs kanten for verneområdet, og korgpil er i spreiing. Kantar mot dyrkamark viser teikn til gjødselpåverking.

Anbefalt tiltak/skjøtsel/omsyn:

Forskrift om vern av Roaldsand fuglefredingsområde gjeld, <https://lovdata.no/forskrift/1988-05-27-392>. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har forvaltingsansvar for verneområdet. Giske kommune bør samarbeide med fylkesmannen for å bevare både verneområdet og nærliggande område for å unngå spreiling av framande artar, forsøpling og reduksjon av gjødsel i området. Utvidingar og vidare utbygging ved flyplassen truar området, då meir areal blir tapt til utbygginga. Den siste utfyllinga i sjøen har påverket den naturlege utviklinga av sanddynene. Det er søkt om ny regulering for framtidig utviding av flystripa med 400m mot aust. Fylkesmannen bør kreve konsekvensutgreiing før ei slik regulering vert godkjend. Det finst tekniske anlegg frå flyplassen med utslepp mot syd. Utsleppsvatnet inneholder avisingskjemikalier kjemikalier og PFOS. Tilstanden i sjøen bør kartleggast, og ev. behandling av overflatevatn frå flyplassen bør krevjast dersom dei skal fortsette å sleppe ut ved verneområdet. Miljødirektoratet bør kreve Avinor for betre handtering av forureiningar, større bruk av ikkje-dødelege metodar for kontroll av kollisjonar mellom fugl-fly, og ev. deltaking i restaurering av nye fuglefredingsområde. Fysiske inngrep i området bør unngåast. Spreidd avløp med utslepp mot fuglefredings-området bør oppgraderast for å tilfredsstille dagens standard. Deponi av avfall inn i eller mot området bør unngåast. Beiting med ungdyr bør takast opp igjen. Det er mottatt klager om forureining av badeområde på grunn av hesteavføring. Kommunen bør samarbeide med fylkesmannen for å regulere slike aktivitetar i området. Private firma som driv med friluftsaktivitetar har tatt seg til rette innanfor området. Det bør setjast opp informasjonsskilt om bruk og vern av området for badegjester og andre. Det bør utarbeidast lokale retningslinjer for bruk av innmark og/eller verneområda for friluftsaktivitetar.



#### H560\_RØRVIKVATNET NATURRESERVAT

Lokalitet: Myrane og kystlyngheiар sør for flyplassen

IDnummer: VV00001343 (verneområde), BN00015269 8naturtype) med utvidelse

Hovudnaturtype: Myr

Naturtype: Kystlynghei, dynelynghei, intakt låglandsmyr, rik kulturlandskapsjø

Utforming: Urørte myrer og mindre påvirkede i nemoral og boreonemoral sone

Prioritet:

A

Beskriving:

Området er eit internasjonalt viktig våtmarksområde omfatta av Ramsarkonvensjonen sidan 1996. All ferdsel i området er forbode i perioden 01.04 – 31.08 etter vernereglane.

Området består av modifisert våtmark, med mindre areal av nedbørsmyr, kystlynghei på sand og fragment av sanddyner og sandtak. Det finst dynelyng mot aust, ein sjeldan naturtype i Møre og Romsdal. Det er teikn til drenering, torvtekking og uttak av sand og grus. På grunn av attgroing i området har ein del sjeldne fuglar forsvunne. Ein håpar at ved istandsetting vil dei finne seg igjen i området. Det er registrert myrrikse, tornirisk, stjertand (R), knekkand, skeiand, lappsporv, brushane og myrsnipe. Av uvanlege karplantar finst det blåstarr, veiveronika, marinøkkel og sandstarr. Det er mykje attgroing innanfor området.

Anbefalt tiltak/skjøtsel/omsyn:

Det er ferdselsforbud i Rørvikvatnet naturreservatet i perioden 01.04 til 31.08. Forskrift om vern av Rørvikvatnet naturreservat gjeld, <https://lovdata.no/forskrift/1988-05-27-393>. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har forvaltingsansvar for verneområdet. Giske kommune bør samarbeide med fylkesmannen for å bevare både verneområdet og nærliggande område

for å unngå spreiling av framande artar, forsøpling og rett bruk av området. Overflatevatn med fall mot reservatet bør leist tilbake til grunnen for å sikre vassforsyning til området. Det bør etablerast eit utsiktspunkt der besøkande kan nyte naturen utan å forstyrre fuglane eller vandre inni reservatet. Kommunen, i samarbeid med Fylkesmannen, bør krevje revidering av Avinor sine rutinar for oppsamling av «run-off» og fugl-fly kollisjonar, då der tidligare er påvist forureining i grunnvatnet. Eventuelt opprydding eller restaurering bør krevjast. Området bør beitast for å kontrollere attgroat. Det bør utarbeidast lokale retningslinjer for bruk av innmark og/eller verneområda for friluftsaktivitetar.



## H560\_RØRVIKVÅGEN FUGLEFREDNINGSSOMRÅDE

Lokalitet: Nord for Rørvika

IDnummer: VV00001342(verneområde), BN00015260 (Rørvikvågen fuglefredningsområde – naturtype), BN00085398 (naturbeitemark) og avrenningsfelt

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Strandeng, strandsump og naturbeitemark

Utforming: Våt/fuktig, middels næringsrik eng beita


Prioritet: A

Beskriving:

Området er omfatta av Ramsarkonvensjonen sidan 1996 og er eit internasjonalt viktig våtmarkssystem. Området er ein viktig raste-, hekke- og overvintringsplass for våtmarksfuglar. Blant dei mest sjeldne artar er åkerrikse (E) og skeiand (R). Andre raritetar er elvesongar og grashoppesongar. Det er fleire bekkeutløp og driftvollar som gir grunnlag for rik næringsproduksjon. Blant karplantar finst den freda og raudlista orkidé purpurmarinand (VU), toppstorr (DC) og regionalt sjeldan art gulldusk. Området er sterkt beita, mest av hest. Det er mindre bygningar, landbruksgrøfter, kraftlinjer og gjerde i området. Det er framande artar og søppel frå stranda.

Anbefalt tiltak/skjøtsel/omsyn:

Forskrift om vern av Rørvikvågen fuglefredingsområde gjeld, <https://lovdata.no/forskrift/1988-05-27-394>. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har forvaltingsansvar for verneområdet. Giske kommune bør samarbeide med fylkesmannen for å bevare både verneområdet og nærliggande område for å unngå spreiling av framande artar, forsøpling og rett bruk av området. Fuglane bør ikkje forstyrast i hekketida. Beiting med hest bør bytast til storfe eller sau, då hestetrakk ødelegg vegetasjonen. I tillegg er hestar og fuglar ein dårleg kombinasjon. Tilføring av gjødsel bør reduserast i nærliggande område. For å halde vassbalansen i området bør overflate-vatn leiaast tilbake til grunnen. Søppel og framande bartre bør fjernast. Det bør utarbeidast lokale retningslinjer for bruk av innmark og/eller verneområda for friluftsaktivitetar.



## H720\_STORHOLMEN

Lokalitet: Omrent 10 km ute i havet, nordvest for Molnes, Vigra

IDnummer: VV00002897

Hovudnaturtype: Viltlokalitet

Naturtype: Havstrand, kyst

Utforming


Prioritet: B

Beskriving:

Området består av tre vêrharde, tilnærma urøyvde holmar med omliggande sjøområde der sjølve Storholmen er den høgste. Fyrstasjon er etablert på Storholmen, og elles er der ingen teikn til fysiske inngrep. Fuglekoloniar er varierande. Det er registrert ærfuglar, måsar, kråke, lunde, raudnebbterne, teist, alke, lomvi og toppskarv i varierande tal gjennom tida. Holmen er minkfri.

Anbefalt tiltak/skjøtsel/omsyn:

Det er ferdelsforbod på Storholmen i perioden 01.05 til 31.07. Verneplan for hekkande sjøfugl, Vern av Storholmen naturreservat gjeld for området, <https://lovdata.no/forskrift/2010-05-28-860>. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har forvaltungsanvar for området. Giske kommune bør samarbeide med fylkesmannen for å kontrollere båtfart om sommaren og taretråling. Fuglane bør ikkje forstyrast i hekketida.. Det bør utarbeidast lokale retningslinjer for bruk av innmark og/eller verneområda for friluftsaktivitetar.



## H560\_SVANSVATNET

Lokalitet: Nord for Blindheimsvika, like nord for Bindheimskystmyrområdet

IDnummer

Hovudnaturtype:

Naturtype: Mindre vatn/ innsjø


Utforming

Prioritet: C

Området var tidligare eit vatn som låg like nord for myra på Bindheim. Den ble drenert seinst på 1990-talet, tidlig i 2000. Området blir til dels brukt til beiting. Området var tidligare rikt på plante- og fugleliv. Området var brukt om vinteren til uteaktivitetar.

Anbefalt tiltak/skjøtsel/omsyn:

Svansvatnet var eit av dei to vatn i Giske kommune og eit viktig element for det lokale samfunnet fram til det forsvant. Det er uttrykt bekymring over området av lokalbefolkinga og ynskje om restaurering av vatnet. Kommunen bør samarbeide med landbrukskontoret, grunneigarar og lokalsamfunnet om å etablere om det er aktuelt med restaurering av området. Dersom det vert bestemt at området skal restaurerast, bør det innførast skjøtselsplan for beiting og fjerning av framande artar i nærområdet. Drenering og anna form for fysiske inngrep bør ikkje tillatast, ved ev. restaurering.



## H560\_SYNNESFJELLET

Lokalitet: Vest på Vigra, frå Røssvikvågen til grensa med naturreservatet på Synnesvågen.

IDnummer: BN00015254

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Kystlynghei

Utforming: Fuktig lynghei


Prioritet: A

Beskriving:

Området kan beskrivast som ei rikare hei, med partiar med mellombels til rik myr med mange krevjande artar, og naturbeitemark nær grensa med fuglefredningsområdet. Det er registrert purpurlyng i området, truleg verdens nordlegaste førekomst. Buskfuru, sitkagran og rynkerose frå tidligare planting sprer seg noko i området. Aktiv gjødsling er meir eller indre redusert i området. Det er registrert hesteriding i området. Det finst ein del restar etter gamle landbruksbygningar, gjerde og ei gamal fyrlykt på Blimneset. Blant sårbare artar finst hinnebregne og beitemarksoppartane raudskivesopp og Entoloma caesiocinctum.

Anbefalt tiltak/skjøtsel/omsyn:

Det bør lagast ein skjøtselsplan for området som inkluderer fjerning av bartre, brenning og beiting med ungdyr. Stiar bør etablerast for å unngå unødvendig slitasje av turgåurar og hest i området. Framande plantearter bør fjernast. Beiting med ungdyr bør aukast for å halde området i stand. Området bør ikkje utsettast for gjødsling eller fysiske inngrep.



## H560\_SYNNESVÅGEN NATURRESERVAT

Lokalitet: Synnesvågen, utgjerast av strandengene, grunnvassområda og avrenningsfeltet.

IDnummer: VV00001443 (verneområde), BN00015271 (naturtype) og utvidelse

Hovudnaturtype: Strandeng og strandsump

Naturtype: Strandeng, strandsump, tangvoll, kalkrike strandberg, underbasseng

Utforming

Prioritet: A

Beskriving:

Området består av strandsump, sandstrand med vollar og ein del låglandsmyr og strandberg. Blant dei meir krevjande plantane finst det bakkeveronika, blåstorr, dvergjamne, dvergsmyle, havbendel, jáblom, karve, loppestorr, saftstjerneblom, saltarve og småsivaks. Området er ein viktig hekke- og rastepllass for fuglane heile året. Det finst steingardar og inngjerding i samband med beitinga. Det er ein del slitasje i området på grunn av turgåing og hestetråkk.

Anbefalt tiltak/skjøtsel/omsyn:

Forskrift om vern av Synnesvågen naturreservat gjeld, <https://lovdata.no/forskrift/1988-05-27-395>. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har forvaltingsansvar for verneområdet. Giske kommune bør samarbeide med fylkesmannen for å bevare både verneområdet og nærliggande område, for å unngå spreiling av framande artar, forsøpling og for reduksjon av gjødsel i området. Fysiske inngrep i området bør unngåast. Vågen er forureina av kloakk frå kommunalt utslepp og spreidd avløp. Kommunalt utslepp som ligg innanfor området skal leggast ned i nærmeste framtid. Spreidd avløp med utslepp mot fuglefredingsområdet bør oppgraderast for å tilfredsstille dagens standard. Private firma som driv med friluftsaktivitetar har tatt seg til rette innanfor området. Bruk av hest i området bør avgrensast til angitte stiar. Beiting med hest innanfor reservatet bør ikkje tillatast. Det bør setjast opp informasjonsskilt om bruk og vern av området for brukarar. Det bør utarbeidast lokale retningslinjer for bruk av innmark og/eller verneområda for friluftsaktivitetar.

---

**OMRÅDA I SJØEN**


---



---

**H560\_ISRANDAVSTENINGAR\_1-7**


Etter opplysningar frå Fiskeridirektoratet veit vi at det finst fleire område med israndavsteningar i Giske kommune. Israndavsteningar vert sett på som ein viktig naturtype, samtidig som dei representerer framtidige ressursar for sand og grus. Israndavsteningar inkluderer endemorener, sidemorener og breelvavsetninger. På grunn av landheving etter siste istid, er flere israndavsteningar no tørt land, men det finst også i mange fjordar. Det vert registrert mange steder med israndsavsteningar i Møre og Romsdal. I vårt nærområdet finn vi israndsavsteningar i rundt øyane nord for Ålesund. Biologisk mangfold på israndsavstening er dårlig kartlagt. På grunn av andre faktorar i omgjevnadane, er det store variasjonar i flora og fauna der israndavsteningar oppstår.



---


#### H560\_KORALLREV

Korallrevområdet ligg ved Breisundet. Fire punktobservasjonar er registrerte, men området er ikkje kartlagt. Korallrev er klassifisert som sårbar (VU) og høyrer til marine djupvassområde. Førekomensten av naturtypen er registrert fra Mørekysten til Vest Finnmark, hovudsakleg utforma av øyekorallen *Lophelia pertusa*. I Norge er det registrert ca. 700 dyreartar opp og ved korallane. Habitatpåkjennningar har ført til 30-50% reduksjon av korallrev i Norge. Desse habitatpåkjenningane er botntrålling, utslepp av næringssalt og sedimentering av partiklar frå aktivitetar langs eller nær kysten, knusing og sedimentoppvirving pga av rørlegging og plattformer. I tillegg vil endringar i temperatur, pH og straummønster som resultat av klimaendringar føre til negative konsekvensr for korallrev.




#### H560\_SAND- OG MUDDERGRUNNOMRÅDE

Sand- og muddergrunn oppstår i våtmarksområde der silt, leire og sand vert skilt og er ellers skjemmet frå bølgeaktivitet. Sand- og muddergrunnområde er mest vanlege ved bukter, bayou, laguner og elvemunningar. Område med desse grunnforholda er vanlegvis innanfor tidevassona og står delvis tørre to gangar dagleg. Områda er habitat for mange trekk- og vadefuglar, krabbar, blautdyr og fisk. Sand- og muddergrunnområde er viktige for førebygging av erosjon frå land. Naturtypen er trua på verdsbasis på grunn av utbygging mot sjøen, landbruk, akvakultur, kjemisk forureining og mudring.



#### H560\_TARESKOG\_1-3


Tareskog er høgproduktive område som spelar viktige økologiske roller, blant annet som oppvekstområde for ungfisk. I Norge finst det to hovudtypar tareskog, nemleg stortareskog (*Laminaria hyperborea*) og sukkertareskog (*Saccharina latissima*). Naturtypen tareskog er klassifisert nær trua (NT) då bestanden er kraftig redusert på verdsbasis. Sidan 1970-talet har Norge tapt ca 2000 km<sup>2</sup> av tareskog til nedbeiting. Det finst mange hypoteser rundt reduksjon av tareskog, men hovudårsaka er sterkt nedbeiting av kråkebolle. Frå Midt-Norge og nordover har tareskog blitt til marin ørken på grunn av kråkebolle. Ei av hypotesene rundt auke i kråkebolle-bestanden, er overhausting av predatørfisk, som tosk, steinbit og flyndre. Langs same tankelinje finst det ein teori om at auke i selbestanden har ført til reduksjon av predatørfisk, som har da auka kråkebollebestanden. Ei anna hypotese er at havstraum- og temperaturendringar i havet har ført til ei auke i kråkebollebestanden. Innføring av nøkkelpredatører som steinbit og krabbe, auka fangst av kråkebolle og bruk av den artsspesifikke parasitten *Echinomermella matisi* kan brukast som alternative metodar for kontroll av kråkebollebestanden.



---


#### H560\_TIDEVASSSTRAUM\_1-2

Tidevasstraum er den horisontale bevegelsen av vatn i samband med flo og fjøre. Vatnet beveger seg horisontalt ved heving og senkning av vatnet nær kysten, som då fører til straumaktivitet i vatnet. Horizontalbevegelsen mot land vert kalla flo, og horizontalbevegelsen bort frå land vert kalla ebbe eller fjøre. Det finst to sterke tidevasstraummar i kommunen, ein ved Staurnessundet og den andre ved Giskeundet. Tidevasstraumar oppstår i trange sund og fjordmunningar. Straumeksponering resulterer ofte i samansetjing av fauna og flora som er forskjellig frå nærliggande botnområde med mindre straumekspesering. Det finst vanlegvis artar som er assosiert med større djupna. Tareskog og algen skulpetang er vanleg i naturtypen, då straumen medverkar til reduksjon av predatører. Naturtypen er trua av inngrep i sjøen for å gjøre straumen farbar for trafikk, kanalar for skipsfarten, moloar og vegutbyggingar.



#### H560\_YNGLE- OG OPPVEKSTOMRÅDE\_1-5

Naturtypane for desse områda er ikkje kartlagde. Fiskeridirektoratet har registrert fleire yngle- og oppvekstområde i kommunen. Det er eit stort område med kamskjel *Pecten maximus* på sørssida av Hamnøya. Gyteområde for torsk er registrert ved Grynnenova. Tre andre gyteområde er registrerte for torsk, sild og hyse. Desse er utanfor Skjong, i Valderhaugfjorden og vest av Godøya. Det vert nyleg registrert et stort regionalt viktig gyteområde for torsk sydaust i kommunen, frå Ellingsøya til Hessa. Det vert registrert skjell syd for Oksebåsen, og et stort område for reker lengst aust, og mot nord. Generelt er gyteområde for fisk därleg kartlagde. Dei finst frå innerst til ytst i kystsona langs heile Norskekysten der vassutskiftinga er avgrensa. Karakteren deira varierer frå art til art. Avgrensing av gyteområde ser i stor grad ut til å vere bestemt av topografisk struktur og eksponeringsgrad og lokal-hydrografiske forhold. Tap av gytehabitata er ein generell trussel for mange artar. Utslepp av næringssalt og organisk stoff fører til overgjødsling og auka sedimentering av organisk materiale som reduserer oksygennivået i vassmassene der gytinga skjer. Kommunale kloakkutslepp, dumping av masser i djupvassområde og utbygging øydelegg gyte- og oppvekstområde for fisk.



---

#### H560\_ ÅLEGRAS\_1-6

Ålegras er ein av svært få marine blomsterplanter. Naturtypen er mest vanleg i beskytta og delvis eksponerte område, i sand- eller muddergrunn. Planten sitt rotssystem vert nytta for å halde planten fast i botnsedimentet og ta opp næring. Rotssystemet bidreg til å binde sediment og redusere erosjon i gruntområda. Ålegrasenger inneheld spesialiserte arter og samfunn. Dei fungerer som skjulestad, oppvekstområde og spiskammers for fiskekeyngel og krepsdyr, og er viktige næringsområde for ender, svaner og sjeldne fugleartar. Naturtypen er trua av fysiske inngrep (mudring, utfylling, drenering) og eutrofiering, da auke i næringssalt aukar mengda av vekstalgar og gir reduserte lysforhold.





Foto: Valderøyfjellet, Valderøy - Angelica Tally

## 8. Klagjering av omgrep

## 8. Klargjering av omgrep

---

Kjelda til definisjonane er «Veileder - Naturmangfoldloven kapitel II», rapporten «Kartlegging av naturtyper i Giske kommune» og Naturmangfoldlova §3

**Naturmangfald:** Biologisk mangfald, landskapsmessig mangfald og geologisk mangfald, som ikkje i det alt vesentlege er eit resultat av menneske sin påverknad.

**Biologisk mangfald:** Mangfaldet av økosystem, artar og genetiske variasjonar innanfor artane, og dei biologiske sammenhengane mellom desse. Det omfattar også naturtypar.

**Landskapsmessig mangfald:** Mangfaldet av landskapstypar. Ein landskapstype er ein einsarta type landskap med fellestrekks i innhald, samansetjing og landform. Landskapstypar kan vere basert både på store landformer (fjord, fjell, dal, kyst, m.v.) og innhald og eigenskapar i landskapet på eit meir detaljert geografisk nivå (tettbygd nedskore fjordlandskap, kuperte sandflater med jordbruk, m.v.).

**Geologisk mangfald:** Variasjonar i berggrunn, mineralar, landformer og prosessane som skaper dei. Det geologiske mangfaldet gir grunnlag for biologisk og landskapsmessig mangfald.

**Økosystem:** Eit mer eller mindre velavgrensa og einsarta natursystem der samfunn av plantar, dyr, sopp og mikroorganismar fungerer i samspel innbyrdes og med det ikkje-levande miljøet.

**Biotop:** Eller levestad. Ein stad der levande organismer held til. Oftast vert ordet brukt i ei snevrare mening, nemleg om bestemte lokalitetstypar der ein finn eit karakteristisk plante- og dyresamfunn med strenge miljøkrav som elles ikkje blir tilfredsstilt andre stedar i landskapet.

**Naturtype:** Eit leveområde for artane. I naturmangfoldlova er naturtype definert som eit einsarta område i naturen som omfattar plante- og dyreliv og miljøfaktorar som fukt, berggrunn og næringstilgang.

**Art:** Bestemte grupper av levande organismer etter biologiske kriterier.

**Bestand:** Ei gruppe individ av same art som lever innanfor eit avgrensa område til samme tid.

**Organisme:** Enkeltindivid av plantar, dyr, sopp og mikroorganismar, inkludert alle delar som er i stand til å formere seg eller overføre genetisk materiale.

**Dyr:** Pattedyr, fuglar, krypdyr, amfibier, fisk og virvellause dyr. Fleircella, oftast bevegelege organismer som utviklast frå ein blastula og treng tilføring av organiske næringsstoff.

Planter: Karplantar, mosar og alger. Eit av plantane sitt mest karakteristiske kjenneteikn er evna til å omdanne uorganiske stoff til organiske stoff gjennom fotosyntese.

Sopp: Sopp og lav, organismer som manglar klorofyll (bladgrønt) og er avhengige av organisk næring. Men til forskjell frå dyr har dei utvendig, ikke innvendig, fordøyning. Dei lever enten som snyltarar (parasittar) på levande organismar, hovudsakeleg på plantar og i mindre grad på dyr, eller som saprotrofer, det vil seie nedbrytarar på daudt organisk materiale. Dei kan også etablere næringsutveksling gjennom mutualisme, f.eks. med grønalger og eller blågrønbakteriar i lav og med planter i mykorrhiza

Virvelløse dyr: Dyr utan ryggsøyle.

Raudlista artar: Liste over artar som i større eller mindre grad er trua av menneskeleg aktivitet. Det er kun dei artane og naturtypane som hamnar i kategoriane med høgast risiko for å døy ut som vert definerte som trua. Dette er artar og naturtypar i de tre kategoriane kritisk truet (CR), sterkt truet (EN) og sårbar (VU). Når vi snakkar om raudlista artar eller naturtypar, inkluderer det både dei som er trua og dei som er kategoriserte som nær trua (NT), datamangel (DD) og regionalt utdøydde (ER).

Framande artar: Organismer som ikkje høyrer til nokon art eller bestand som førekjem naturleg på staden.

Svartelista artar: Innførde artar som er skadelege for stadeigen natur.

Lungeneversamfunnet: lavartar som er avhengige av stabile fukttilhøve og eit stabilt mikroklima over tid for å få optimale veksttilhøve. Best kjend er lungenever, kystnever, skrubbenever og sølvnever, men samfunnet inneheld langt fleire artar.

Signalart: Indikatorart. I omgrepet ligg at ein bør leite etter fleire teikn på ein ev. verdifull lokalitet.

Indikatorart: Ein art som på grunn av strenge miljøkrav er til stades berre på stader med spesielle kombinasjonar av miljøforhold. Slike artar kan dermed gje god informasjon om miljøkvalitetane der dei lever. Ein god indikatorart er vanleg å finne når desse miljøkrava er tilfredsstilte. For å identifisere ein verdifull naturtype bør ein helst ha fleire indikatorartar.

Natureng: Gras- og urterik vegetasjon i både gamle ståttemarker og naturbeitemarker. I snever forstand gamle slåttemarker med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd.

Naturbeitemark: Gammal beitemark med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødselintensitet og langvarig hevd.

Kulturlandskap: Dominerande typar av jordbrukslandskap for minst 50 – 100 år sidan, forma av slått, husdyrbeite, trakk, krattrydding, lauvning og lyngheiskjøtsel, oftaast kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeidning, med innslag av naturtyper som naturenger og naturbeitemark, hagemark, slåttelundar eller lyngheier.

Edellauvskog: Skog med vesentleg innslag av varmekjære lauvtreslag, som alm, bøk, ask, spisslønn, lind, svarthick og hassel. Desse treslaga krev ein gjennomsnittstemperatur for perioden juni-september på 11-13 C.

Uttak: Ei kvar form for avliving eller fjerning av heile eller delar av organismer frå naturen uansett formål.





Foto: Blindheim kystmyr - Angelica Talle

## 9. Kjelder

## 9. Kjelder

---

Artsdatabanken (2012). Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012. Nedlastet 27.03.17. <http://www.artsdatabanken.no/Pages/201622>

Artsdatabanken (2011) *Norsk rødliste for naturtyper 2011*. Nedlastet 08.08.17 <http://www.artsdatabanken.no/Pages/201623>

Avinor (2010). BM-rapport nr 8-2010: *Biologisk mangfold Ålesund lufthavn, Vigra, Giske kommune, Møre Romsdal*. Nedlastet 27.03.2017. [https://avinor.no/globalassets/\\_konsern/miljo-lokal/miljorapporter/alesund-lufthavn-bm-8-2010.pdf](https://avinor.no/globalassets/_konsern/miljo-lokal/miljorapporter/alesund-lufthavn-bm-8-2010.pdf)

Bioforsk (2013) Høringsuttalelse fra Bioforsk «Planting av skog på nye arealer som klimatiltak. Egnede arealer og miljøkriterier». Nedlastet 27.03.17 [http://www.bioforsk.no/ikbViewer/Content/106558/H%C3%B8ringsuttalelse%20fra%20Bioforsk\\_planting%20av%20skog%20p%C3%A5%20nye%20arealer%20som%20klimatiltak.pdf](http://www.bioforsk.no/ikbViewer/Content/106558/H%C3%B8ringsuttalelse%20fra%20Bioforsk_planting%20av%20skog%20p%C3%A5%20nye%20arealer%20som%20klimatiltak.pdf)

Direktoratet for naturforvaltning (2007). DN-håndbook 19-2001 Kartlegging av marint biologisk mangfold (revidert 2007). Nedlastet 11.08.17 <http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/Publikasjoner-fra-DirNat/DN-handboker/Kartlegging-av-marint-biologisk-mangfold/>

Direktoratet for naturforvaltning (2012) DN-utredning 4-2012: Kriterier og metoder for kartlegging og overvåking av fremmede arter. Nedlastet 28.03.17. <http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/Publikasjoner-fra-DirNat/DN-utredninger/Kriterier-og-metoder-for-kartlegging-og-overvakning-av-fremmede-arter/>

Direktoratet for naturforvaltning (2007) Håndbook 13-2 utgave 2006: Kartlegging av naturtyper – verdisetting av biologisk mangfold (oppdatert 2007). Nedlastet 20.04.17. <http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/Publikasjoner-fra-DirNat/DN-handboker/Kartlegging-av-naturtyper---verdisetting-av-biologisk-mangfold/>

Direktoratet for Naturforvaltning (2013). *Vedlegg 1: Direktoratet for naturforvaltnings tilråding om å gi naturtypene høstingsskog og ålegraseng status som utvalgte naturtyper*. Nedlastet 08.08.17 <http://dnweb14.dirnat.no/multimedia/54901/Tilrading.pdf&content disposition=attachment>

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga (2012) Rapport 2012:05: *Forvaltningsplan Blindheimsvik fuglefredningsområde, Giske kommune*. Nedlastet 26.03.2017 [https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMMR/Milj%C3%B8%20og%20klima/Rapportar%20Milj%C3%B8vern/Godkj\\_FVP\\_Blindheimsvik\\_2012.pdf](https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMMR/Milj%C3%B8%20og%20klima/Rapportar%20Milj%C3%B8vern/Godkj_FVP_Blindheimsvik_2012.pdf)

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga (2012) Rapport 2012:06: *Forvaltningsplan for Giske fuglefredningsområde, Giske kommune*. Nedlastet 26.03.2017 [https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMMR/Milj%C3%B8%20og%20klima/Rapportar%20Milj%C3%B8vern/Godkj\\_FVP\\_Giske\\_2012.pdf](https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMMR/Milj%C3%B8%20og%20klima/Rapportar%20Milj%C3%B8vern/Godkj_FVP_Giske_2012.pdf)

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga (2012) Rapport 2012:07: *Forvaltningsplan for Roaldsand fuglefredningsområde, Giske kommune*. Nedlastet 26.03.2017 [https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMMR/Milj%C3%B8%20og%20klima/Rapportar%20Milj%C3%B8vern/Godkj\\_FVP\\_Roaldsand\\_2012.pdf](https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMMR/Milj%C3%B8%20og%20klima/Rapportar%20Milj%C3%B8vern/Godkj_FVP_Roaldsand_2012.pdf)

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga (2012) Rapport 2012:08: *Forvaltningsplan for Rørvikvågen fuglefredningsområde, Giske kommune*. Nedlastet 26.03.2017 <https://www.fylkesmannen.no/Documents/>

[Dokument%20FMMR/Miljø%20og%20klima/Rapportar%20Miljøvern/Godkj\\_FVP\\_Rørvikvågen\\_2012.pdf](#)

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga (2012) Rapport 2012:09: *Forvaltningsplan for Rørvikvatnet naturreservat, Giske kommune.* Nedlastet 26.03.2017 [https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMMR/Miljø%20og%20klima/Rapportar%20Miljøvern/Godkj\\_FVP\\_Rørvikvatnet\\_2012.pdf](https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMMR/Miljø%20og%20klima/Rapportar%20Miljøvern/Godkj_FVP_Rørvikvatnet_2012.pdf)

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga (2012) Rapport 2012:10: *Forvaltningsplan for Synnesvågen naturreservat, Giske kommune.* Nedlastet 26.03.2017 [https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMMR/Milj%c3%b8%20og%20klima/Rapportar%20Milj%c3%b8vern/Godkj\\_FVP\\_Synesv%C3%a5gen\\_2012.pdf](https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMMR/Milj%c3%b8%20og%20klima/Rapportar%20Milj%c3%b8vern/Godkj_FVP_Synesv%C3%a5gen_2012.pdf)

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga (2011) Rapport 2011:14: *Forvaltningsplan for Sætredalen naturreservat, Giske kommune.* Nedlastet 26.03.2017 <https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMMR/Miljø%20og%20klima/Forvaltingsplanar%20verneområde/Sætredalen%20NR.pdf>

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga (2012). Rapport 2013:02 Supplerande kartlegging av naturtypar i Giske kommune i 2012. Nedlastet 27.03.17 <https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMMR/Miljø%20og%20klima/Naturmangfald/Kartleggingsrapportar/Kommunale/Giske%202012.pdf>  
*Helhetlig forvaltningsplan for Norskehavet: Sårbarhet for særlig verdifulle områder i forhold til petroleumsvirksomhet, fiskeri, skipstrafikk og annen påvirkning.* Olsen Erik og Auran, Jo Anders. Nedlastet 08.08.17 <http://www.miljodirektoratet.no/old/dirnat/attachment/902/S%C3%A5rbarhetsrapport%20Norskehavet.pdf>

Kartlegging av naturtypar i Giske kommune (2004), Holtan Dag. Nedlastet 27.03.17 <https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMMR/Miljø%20og%20klima/Naturmangfald/Kartleggingsrapportar/Kommunale/Giske%202004.pdf>

Klima- og Miljødepartement (2015) *Meld.St.14 Melding til Stortinget – Natur for livet: Norsk handlingsplan for naturmangfold.* Nedlastet 26.03.2017. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20152016/id2468099/>

Klima- og miljødepartementet (2016) Veileder: *Naturmangfoldloven kapittel II: Alminnelige bestemmelser om bærekraftig bruk.* Nedlastet 27.03.17 <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/naturmangfoldloven-kapittel-ii/id2481368/>

Miljødirektoratet (2016). *Rapport M-676: Truede arter og naturtyper – Sektorsamarbeid på kartlegging og overvåking i perioden 2011-2015.* Nedlastet 03.08.17. <http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/2017/Februar-2017/Truede-arter-og-naturtyper/>

Miljødirektoratet (2015) Veileder M-415/2015: Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder. Nedlastet 18.09.17 <http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/2015/September-2015/Veileder-for-besøksforvaltning-i-norske-verneområder/>

Miljøfaglig Utredning AS (2011). *Naturtyper i 16 verneområder i Møre og Romsdal fylke.* Nedlastet 27.03.2017  
Møre og Romsdal fylke, Areal- og miljøvernnavdelinga (2005) *Forvaltningsplan for Molnes naturreservat i Giske kommune i Møre og Romsdal, Giske kommune.* Nedlastet 26.03.2017 <http://faktaark.naturbase.no/Dokument-Data/Index/7830?title=Forvaltningsplan%20for%20Molnes%20naturreservat&extension=.pdf>

Møre og Romsdal fylkeskommune (2017). Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområder. Nedlastet 17.08.17 <https://mrlyke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Regionale-delplanar>

Møre og Romsdal fylkeskommune (2017). Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020. Nedlastet 17.08.17 <https://mrlyke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Fylkesplan>

Møre og Romsdal fylkeskommune. Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020- Handlingsplan for kompetanse og verdiskaping. Nedlastet 17.08.17 <https://mrlyke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Fylkesplan/Handlingsprogram>


Møre og Romsdal fylkeskommune (2016) Utviklingstrekk i Møre og Romsdal – Kunnskapsgrunnlag til Regional planstrategi 2016-2020. Nedlastet 17.08.17 <https://mrlyke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Utviklingstrekk-i-Moere-og-Romsdal>

Nedbeiting av tareskog i Norge: Rapport fra arbeidsgruppe nedsatt av Fiskeridepartementet og Miljødepartementet 2002.Sakshaug, Egil og Sjøtun, Kjersti. Nedlastet 08.08.17. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nedbeiting-av-tareskog-i-norge/id105756/?q=tareskog>

Norwegian University og Life Sciences NMBU (2015). *Case study Aalesund airport. Consequences for birdlife at expansion of the airport.* Stordalen, Tonje Cecilie.

Sunnmøre forsøksring – Norsk landbruksrådgiving Sunnmøre. *Skjøtselsplan for beiteareal på Alnes, Giske kommune.*

[www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no)  
[www.artsobservasjoner.no](http://www.artsobservasjoner.no)  
[www.cbd.int/](http://www.cbd.int/)  
[www.imr.no/temasider/koraller/norske\\_korallrev/nn-no](http://www.imr.no/temasider/koraller/norske_korallrev/nn-no)  
[www.kart.naturbase.no](http://www.kart.naturbase.no)  
[www.lovdata.no](http://www.lovdata.no)  
[www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no)  
[www.miljokommune.no](http://www.miljokommune.no)  
<http://millenniumassessment.org/en/index.html>  
[www.niva.no/krabber-bidrar-til-gjenvekst-av-tareskog](http://www.niva.no/krabber-bidrar-til-gjenvekst-av-tareskog)  
[www.ramsar.org/wetland/norway](http://www.ramsar.org/wetland/norway)



Bildet fra Veilederen om Naturmangfoldloven kapittel II, s.21. 2016

nyhetsgrafikk.no

## Vedlegg

Vedlegg 1 Fauna

Vedlegg 2 Flora

Vedlegg 3 Omsynssoner

Vedlegg 4 Kart

Vedlegg 5 Svarteliste

Vedlegg 6 Planprogrammet



Foto: Brugde - Chris Gotschalk, wikipedia.org



GISKE KOMMUNE

Valderhaug 4  
6050 Valderøya  
Tel.: +47 70 18 80 00  
[www.giske.kommune.no](http://www.giske.kommune.no)